



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Måløy, Kommunestyresalen 3. etg. rådhuset
Dato:	29.01.2026
Tid:	Kl. 08:15 - 15:20

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Lillian Bratholmen	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Ørjan Kvalheim	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Bente Olseth	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Anne Marit Seljeseth	Kinn V
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Morten Andreas Hagen	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti	
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP	Ralf Einar Johannessen	Kinn AP	
Ronny Cassells	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP	
Jan Gunnar Holvik	Kinn FrP	Vidar Solvang	INP	
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP	
Hanne Eva Husebø	Kinn H	Siri Sunde	Kinn H	
Kristensen				
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt	
Jon Valur Olafsson	Kinn SV	Heidi Rønhovde	Kinn SV	
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV	Anette Stene Seljen	Kinn SV	
Håkon Skram Heggen	UAH	Solbjørg Myrhaug Teige	Kinn H	UAH
Bente Nygård	Kinn AP	Yngve Moan	Kinn AP	

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møte	Merknad
Ola Teigen	007/26		forvaltningslova § 6 e

Frå administrasjonen møte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Elin Sørbotten, kommunalsjef
Linda Myhre Larsen, stabsleiar
Iris Gangeskar, konsulent
Mari Halsør, konsulent
Cicilie Færestrand, personalsjef
Jon Even Myre, rådgjevar

Ymse:

Sak 017/26 vart behandla etter sak 019/26.

Habilitetsvurdering i sakene 006/26, 007/26 og 017/26.

Måløy, 30.01.2026

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av møteprotokoll
003/26	Spørsmål
004/26	Orienteringar
005/26	Refererte skriv og meldingar
006/26	Orientering - eigedomsskatt
007/26	Orientering. Status oppfølging, Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor.
008/26	Orienteringssak - Bustad i sentrum
009/26	Orienteringssak: Prosess og framdrift - endring av skulestruktur
010/26	Delegering av mynde i fritakssaker som gjeld politiske verv
011/26	Søknad om fritak frå Kinn eldreråd / suppleringsval - Asbjørn Våge
012/26	Søknad om fritak som varamedlem i Kinn forliksråd - Martin Ramsdal
013/26	Suppleringsval plan- og miljøutvalet, oppvekst- og kulturutvalet, klagenemnda og overtakstnemnd for eigedomsskatt
014/26	Suppleringsval - Sidsel Fænn Kongsvik
015/26	Val av representantar til styret i Havhesten KF
016/26	Val av representantar til styret i Kinn utdannings- og ressursenter KF
017/26	Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen - Håskjæra, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102
018/26	Flaggreglement for Kinn kommune
019/26	Vidare framdrift fv 617 Kapellneset - Raudeberg
020/26	Debattheftet 2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
001/26	Kommunestyret	29.01.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Venstre v/ repr. Nødseth stiller spørsmål om verbalforslaget i budsjettsaka gjeldande opplæringsbasseng i Måløy/Skaredammen. Det er gjort vedtak om at saka skal opp i kommunestyret innan mars 2026, representanten er informert om at kommunedirektøren no legg opp til å ikkje følge denne tidsplanen. Kva er status i dette? Arbeider administrasjonen med eit tredje bassengalternativ?

Kommunedirektøren informerer om kapasitetsutfordringar og forventar saka lagt fram til utvala i mars og kommunestyret i begynnelsen av april. Administrasjonen vil ikkje komme med med fleire enn to alternativ i denne saka.


Ordførar informerer om at behandling av sak 017/26: Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen - Håskjæra, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102 vil starte kl. 10.30.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
002/26	Kommunestyret	29.01.2026

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 002/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 002/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 16.12.2025



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/6094
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 22.01.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/26	Kommunestyret	29.01.2026

Spørsmål

KOST- 003/26 Vedtak:


Ingen spørsmål, ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Ingen spørsmål.

KOST- 003/26 Vedtak:

Ingen spørsmål, ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
004/26	Kommunestyret	29.01.2026

Orienteringar

KOST- 004/26 Vedtak:

Ingen orienteringar, ingen vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Orienteringane vert teke til vitande.

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Ingen orienteringar.

KOST- 004/26 Vedtak:

Ingen orienteringar, ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
005/26	Kommunestyret	29.01.2026

Refererte skriv og meldingar

KOST- 005/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Ingen refererte skriv og meldingar.

KOST- 005/26 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
146/25	Kommunestyret	16.12.2025
006/26	Kommunestyret	29.01.2026

Orientering - eidegdomsskatt

KOST- 006/26 Vedtak:

Orientering vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orientering vert teke til vitande.

Bakgrunn for saka:

Det har vore stilt spørsmål om takseringsarbeidet av eidegdommane i Kinn i samband med etablering av kommunen. Særleg har det vore reist spørsmål om jamstilling av takstar av eidegdommar i Eikefjord og Florø, og sakshandsaming kring verdfastsetting.

Formannskapet handsama ein interpellasjon i møte i september om temaet.

Formannskapet gjorde slikt vedtak i sak 101/25:

Formannskapet ber kommunedirektøren om å forberede sak om sonefaktor og soneinndeling for Eikefjord til kommunestyret den 23. oktober. Vi ber spesielt om at det på nytt blir vurdert om Eikefjord skal/bør ha sonefaktor 1. Vurderinga skal byggje på prinsippet om likehandsaming etter eidegdomsskattelova. Skriftleg dokumentasjon som låg til grunn for fastsetjing av sjablongane i 2020, inkludert eventuelle data frå eidegdomsmeklarar, SSB, Eiendomsverdi AS eller andre kjelder blir lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret vart varsla 23. oktober at det var naudsynt med lenger tid for undersøkingar.

Oversikt over dokument i saka

Formannskapet bad om datagrunnlag knytt til takseringa. Nedanfor er det lage ei oversikt over dokument for utarbeide saka og innspel Statsforvaltaren har vurdert.

Vedl. Nr	Oversikt over takstgrunnlag og innhenting av ny informasjon	Tidspunkt for innhenting av data
1	Oversikt over omsette eidegdommar i Eikefjordområde 2020-2023	Vurdering om skattetakstane har hatt negative verknader i ettertid av taksering

2	Oversikt over omsette eigedommar i Florø 2019-2020, og kommunevis i S. og Fj.	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
3	Eigedomsverdi – omsette fritidsbustader 2019-2023 (områdevis)	Vurdering om skattetakstane har hatt negative verknader i ettertid av taksering
4	Eigedomsverdi – omsette heilårsbustader 2019-2023 (områdevis)	Vurdering om skattetakstane har hatt negative verknader i ettertid av taksering
5	Eigedomsmegling Sogn og Fjordane prisrapport 2019 – Florø	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
6	Eigedomsmegling Sogn og Fjordane prisrapport 2019 – Måløy	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
7	Eigedomsmegling Sogn og Fjordane prisrapport 2019 Sogndal	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
8	Omsetjingar i Eikefjord 2017-2020	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
9	SSB – eigedomsetjingar – fylke	Off. tilgjengeleg statistikk
10	SSB – eigedomsetjingar – kommune	Off. tilgjengeleg statistikk

Vedl. nr.	Oversikt over dokument	Tidspunkt for innhenting av data
11	Prosjektplan for retaksering – mars 2020	Utarbeidd som grunnlag for arbeid som vart gjennomført i 2020-21
12	Rammer og retningslinjer for taksering av eigedomsskatt.	Utarbeidd i 2020, revidert løpande inntil september 2021.
13	Ulike spørsmål knytt til fastsett sonefaktor for eigedomsskatt i Eikefjord	Notat fra KS-Advokat – september 2025
14	Arbeidet med ny alminneleg taksering i Kinn kommune - undersøking av saksbehandlinga	Notat fra KS-Advokat – november 2025
15	Merknader til rapportar frå KS, Innsendt av Ludvig Langedal	Vurdering av merknadene
16	Avvising av krav om lovlegkontroll – møte i sakkyndig nemnd for eigedomsskatt den 2. april 2020	Brev fra Statsforvaltar – november 2020
17	Tilbakemelding - klage på sonefaktor i kommunal retningsline for fastsetjing av verdet av eigedom i samband med eigedomsskatt i Kinn kommune – Statsforvaltar ville ikkje gjennomføre tilsyn med Kinn kommune.	Brev fra Statsforvaltar – mars 2024
18	Statsforvaltar finn ikkje grunn til å gå nærare inn på tilsyn saksbehandlinga ved fastsetjing av rammer og retningslinjer for eigedomsskatt i Flora (2017–2020) og Kinn (2021–2025)	Brev fra Statsforvaltar – november 2025
19	Veileder for taksering av fast eiendom unntatt næringseiendommer og energianlegg	KS – revidert 2019

Kommunedirektøren har nytta KS- advokatane til å gå gjennom materiale som administrasjonen har stilt til rådvelde.

Formannskapet bad om at takstar og sonefaktor i Eikefjord, sak 24/050 vart vurdert.

Dette vart gjort av nemndene våren 2025, Overtakst-nemnda sak 25/003, og i Skattetaksnemnda sak 25/027 fann ikkje grunnlag for å endringar.

Saksopplysningar:

Eigedomsskattelova byggjer på føresetnaden om at eigedomsskattetaksten skal ta utgangspunkt i verdiane på eigedommane, jfr. prop. 112 L (2011–2012) pkt 3.7 og eigedomsskattelova § 8 om verdsetjing.

Verdet av eigedomen skal setjast til det beløpet ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal.

Kommunestyret valde allmenn taksering i samband med overgang til ny kommune

I samband med etablering av Kinn kommune måtte ein etablere felles takstgrunnlag for eigedomsskatt (allmenn taksering). Slik taksering skjer normalt kvart 10 år. Allmenn taksering vil seie at alle eigedommar får ei verdsetting basert på omsetjing i området, faktiske forhold ved bustaden og omgivnadene. Gjennomsnittsprisar for sal av eigedommar, data frå kommunen sitt register for eigedomsdata (også kalla matrikkelen) og synfaring av kvar eigedom ligg til grunn for takst av eigedommane. Næringseigedommar vert handtert annleis, men vert ikkje gått gjennom her.

Kommunestyret si oppnemning - skattetaksnemnd og over-takstnemnd

Kommunestyret oppnemner sakkunnige nemnder i samband med kontinuering av politiske organ. Etter lova fastset dei takst på eigedomane, og skal utarbeide takseringsretningslinjene. Taksering skal skje på ein uavhengig måte. Kommunestyret skal ikkje påverke arbeidet med takseringa og det vert også oppnemnd ei særskilt klagenemnd.

Eigedomsskattetekontoret i rolle

Eigedomsskattetekontoret utførte det praktiske arbeidet med taksering av eigedomane og med stor grad av innleige som gjennomførte synfaringane av eigedommane. Oppgåvene med takserings er lagt til særskilte nemnder, både retaksering og handteringa av klagar når kommunen kvart år skriv ut eigedomsskatten m.v.

Korleis hentar ein inn data

Eigedomsskattetaksering inneber å gå gjennom sentrale faktaopplysningane om kvar eigedom – eigedomstype, adresse, bygningstype, byggjeår og arealdata – henta frå kommunane sitt eigedomsregister (matrikkelen). I tillegg hentar ein inn omsetjingsdata frå ulike kjelder slik at ein skal kunne fastsette objektive, rettferdige og likeverdige takstar. Takstprinsippa er nedfelt i dokumentet rammer og retningslinjer og var godkjend endeleg tidleg.

Sonefaktor

I samband med taksering nyttar ein gjerne det som blir omtala som sonefaktor for å differensiere takstar (sjablongar) ut frå omsetjingsverdiar i eit område. Nemnda definerte 3 soner i samband med retakeringa med høvesvis Florø sentrum og Eikefjord sentrum i sone 1, Måløy sentrum som sone 2 og andre område i kommune sette dei til sone 3. Høvesvis vart takstane redusert med 0,85 i sone 2 og 0,5 i sone 3.

Eigedomsspesifikk faktorar som vert spegla i skattetakstane

Alle eigedommane vart synfart i samband med retaksering i perioden 2020-2022. Utover det generelle nivå for omsetning i eit område avdekkar synfaring meir eigedoms- og stadspesifikke forhold. Eit av desse forholda vert kalla for «ytte faktor». Dette gjeld eigedommen sin plassering (beliggenheit), tilkomst, utsikt/soltilhøve. Retningslinjene til Kinn kommune gir føringar for korleis ein skal standardisere korrigeringar for desse

faktorane. Dei ytre faktorane gjeld såleis spesielle eigenskapar rundt eigedommen som kan påverke verdet. I nokre kommunar inngår også infrastruktur som, t.d. tilknytning til offentleg vatn og avløp som korreksjonsfaktor. I Kinn kommune var ikkje dette teke med i verdsettinga, og heller ikkje i Sunnfjord. Innanfor tomtegrensa vert tilhøve ved eigedommen som byggeår, standar m.v. også vurdert og vert kalla indre faktor.

Vurderingar:

Kommunedirektøren har bede KS-Advokatane gjer ei vurdering av informasjon som er henta inn og bearbeidd i prosessen som skattetakst nemnda og administrasjonen jobba fram i sine møter fra 2020 til 2021 når takseringsarbeidet gjekk føre seg. Nemndene hadde 11 møter i denne perioden.

KS Advokaten skriv dette;

Sammenfatningsvis er det etter min vurdering ikke grunnlag for å karakterisere arbeidsprosessen under hovedtakseringen som mangelfull. Når vi nå har gjort nærmere undersøkelser kan det også konstateres at datagrunnlaget for hovedtakseringen ikke var mangelfull.....De undersøkelsene som er gjort viser at det ikke er grunnlag for å rette kritikk mot saksbehandlingen i takseringsprosjektet. Arbeidet var på ingen måte preget av vilkårlighet. Det er gjennomført forsvarlig, på den måten som vi erfarer er vanlig i kommunene.....Som det er redegjort for i notatet 11. september har eiendoms-skattekontoret i årene etter 2021 gjennomført flere undersøkelser hvor omsatte eiendommer er målt mot eienomsskattetakstene. Disse undersøkelsene har ikke gitt noen indikasjoner på at takstnivået ved hovedtakseringen har ligget for høyt eller at det er skjevheter mellom ulike områder i kommunen.

.....Selv om det hadde forholdt seg slik at det var mangler ved saksutredningen under hovedtakseringen, følger det av de undersøkelsene som er gjort at manglene ikke kunne ha virket bestemmende på takstenes innhold...Etterfølgende undersøkelser mot omsatte eiendommer viser også at takstnivået verken bryter med verdsettelsesnormen i eiendomsskatteloven eller likebehandlingsprinsippet. Konklusjonen er at nemndas takseringsretningslinjer er gyldige. Det samme gjelder skatteutskrivningen for 2021 og senere år på grunnlag av nye takster.

KS Advokaten utarbeidde også eit notat med oversikt over eigedomsprisar (september 2025) og gjorde ei vurdering av prosessen knytt til fastsetting av takstar. Dette vart omtala slik;

Det synes likevel å være ganske klart at bruk av sonefaktor 1,0 i Eikefjord-området ikke har resultert i et takstnivå der som overstiger lovens verdsettelsesnorm, eller som strider mot likebehandlingsprinsippet når man samanliker med Florø

Det er likevel slik at datagrunnlaget som er utarbeidd ikkje vart tilstrekkeleg arkivert. Her må vi ta sjølvkritikk. Det har derfor teke noko tid å gå gjennom materiale på nytt. Som det går fram av vedlegga har også spørsmål om verdsetting vore gjenstand for klagehandsaming i Statsforvaltarembetet.

Det går fram av rettleiaren for fastsetting at ein i samband med allmenn taksering (vedlegg 19) kan nytte datakjelder frå t.d. SSB, 1881, Norkart, Eiendomsverdi, Finn.no. I takseringsarbeidet i Kinn er fleire av desse kjeldene nytta. Då det har vore stilt spørsmål i ettertid om takstane har vore rette har ein også vurdert om takseringa har hatt negative eller utilsikta verknader. Som vurderinga frå KS viser er det ikkje dei funne grunnlag for å hevde dette. Sjølv om ein hadde nytta skatteetatens sine eigedomsoversiktar hadde ein likevel måtte takser eigedommar. Registera her er ikkje komplette.

Vi viser også til kva rettleiaren seier om taksering:

Ved sjablongtaksering kan det ikke kreves millimeterrettferdighet. Det skal kunne benyttes sjablonger og faktorer som til dels vil være grove. Dette er akseptert av

domstolene, og innebærer at ikke enhver påpeking eller anførsel om at egen eiendom er taksert strengere enn andre gir grunnlag for å foreta endringer eller for å gjøre nærmere undersøkelser. Det er de klare og store avvik som gir grunnlag for undersøkelse og eventuelt retting.

Det også på denne bakgrunn viktig at det er klageordning for fastsetting av årleg taksering. Om egedomsverdiar utviklar seg annleis enn andre kan innbyggjarane klage. Klage kan årleg setjast fram.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Repr. Eikevik (SP) ønskjer sin habilitet vurdert då ho var i sakkyndig nemnd i perioden 2019-2021.

Kommunedirektøren informerer om at ein representant som er vald av kommunestyret til å delta i eit politisk fora ikkje automatisk er inhabil. Saka er av orienterande karakter og kommunedirektøren vurderer ikkje at repr. Eikevik er inhabil i denne saka.

Kommunestyret erklærer samrøystes repr. Eikevik som habil i saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 006/26 Vedtak:

Orientering vert teke til vitande.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 146/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedlegg i saken:

vedlegg 19 : eiendomsskattetaksering-veileder-boligfritidgrunn

Vedlegg 17 : Kopi av brev - Tilbakemelding - Kinn - egedomsskattesone - Eikefjord

Vedlegg 16 : Kopi av brev - Tilbakemelding - Lovlegkontroll - Kinn - vedtak eiendomsskatt

Vedlegg nr 15 : Merknader innkomne, og kommentarar - november 2025

Vedlegg nr 6 : Omsetning Måløy 2020 - oppretta 27 mai 2020

Vedlegg nr. 8 : Eikefjord

Vedlegg nr 1 : 2024.04.29 Oversikt omsatte eiendommer Eikefjord 2020-2023

Vedlegg nr. 2 :2024.04.29 Oversikt omsatte eiendommer Florø 2019-2020

Vedlegg nr 3 : 2025.09.11 Eiendomsverdi, Fritidsbolig områdesammenligning

Vedlegg nr. 4 : 2025.09.11 Eiendomsverdi, Helårsbolig områdesammenligning


Vedlegg nr. 14 : 2025.11.12 Notat. Arbeidet med ny alminnelig taksering i Kinn kommune

Vedlegg nr. 16 : Avvising - Lovlegkontroll - møte i sakkyndig nemnd for eiendomsskatt - Kinn

Vedlegg nr. 5 : Bolig salg statistisk 2019 - Florø og nabo kommuner

Vedlegg nr. 6 : Bolig salg statistisk 2019 - Måløy område

Vedlegg nr. 7 : Bolig salg statistisk 2019
Vedlegg nr. 11 : Prosjektplan Kinn sist lagra 13.03.2020
Vedlegg nr. 12 : Rammer og retningslinjer for taksering av eiendomsskatt
Vedlegg nr 10 : SSB kommunevis
Vedlegg nr 9 : SSB - omsetjing fylkesvis
Vedlegg nr 13 : Ulike spørsmål knyttet til fastsatt sonefaktor for eiendomsskatt i Eikefjord
Vedlegg nr 18 : Statsforvaltar tilbakemelding på krav tilsyn - november 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
131/25	Formannskapet	27.11.2025
145/25	Kommunestyret	16.12.2025
007/26	Kommunestyret	29.01.2026

Orientering. Status oppfølging, Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor.

KOST- 007/26 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak 085/25 vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026.
3. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren i løpet av høsten kommer tilbake til kommunestyret med egen sak som gir et konkret bilde av tenestene Kirkens Bymisjon kan bidra med i Kinn, sett i sammenheng med Origod sitt Fram prosjekt, Kinn psykisk helse og rus, og andre aktører som jobber med de formåla som belyst i saken

Saksopplysningar:

Saka er svar på punkt 3 i KOST-085/25, og er orientering om status på konkrete tiltak som Kirkens bymisjon etter rapport kunne bidra med i Kinn, tiltak kommunen trekte fram i eigen regi og/eller i samarbeid med andre aktørar eller frivillige, og status november 25 under kvart punkt.

1. "I jobb ung". Kirkens Bymisjon – opprinnelege tiltaksforslag

Tiltak for unge vaksne (18–29 år) som står utanfor arbeid og utdanning, og som ikkje nyttar NAV sine ordinære tiltak. Tiltaket vil ha kapasitet til 7-8 ungdommar om gongen, totalt 15 stk per år. Tiltaket vert første trinn for deltakarane på vegen mot utdanning, arbeid eller eventuell behandling.

Status tiltak i Kinn kommune (kommunale, andre aktørar og frivillige) november 2025:

- Nav Kinn følgjer opp ungdom i tråd med ungdomsgarantien (16-30 år). Det er behov for eit lågterskeltilbod for unge vaksne som; ikkje meistarar eksisterande tiltak, har uføretrygd men treng aktivitet, treng struktur, sosial støtte og livsmeistring, har psykiske utfordringar og treng trygg arena.
- Origod sitt FRAM prosjekt har økonomisk bidrag frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som bidreg med 2 millionar kroner. Flora vidaregåande skule bidreg i prosjektet med elevar og økonomisk støtte. Det er NAV som kjøper plassar i prosjektet, og det pågår arbeid med å etablere sosial- og arbeidstreningsarenaer. Rekruttering til stillingar startar snart. Tidlegare erfaringar frå Origod er at unge i eksisterande tiltak opplever tydeleg meistring, tryggleik og fellesskap.

2. "Bamsehiet" og "Triologi". Kirkens Bymisjon – opprinnelege tiltaksforslag

Førebyggjande møteplassar og lågterskeltilbod for familiar, barn og unge. Tiltaket vil vere førebyggjande familiestøtte til småbarnsforeldre. Målsetjinga er å tilby gode aktivitetar og eit inkluderande fellesskap. Tilbodet skal være ope for alle, men viktigaste målgruppe er barn og unge som ikkje nyttar andre fritidstilbod, familiar med dårleg økonomi, familiar med lite eller sårbare nettverk, familiar som saknar storfamilien, familiar som strevar med psykiske problem eller synest det er vanskeleg å bli inkludert i nærmiljøet.

Status tiltak i Kinn kommune (kommunale, andre aktørar og frivillige) november 2025:

- Kommunen har starta med Friskus aktivitetsskalender i januar i år, for å vise og informere om kva møteplassar og aktivitetstilbod som finst. Per no er det 105 registrerte lag og organisasjonar, desse har registrert seg sjølv og har totalt lagt ut 391 aktivitetar. Det er 1421 gjentakande hendingar. Dette er del av innbyggerappen Friskus Kinn kommune. Det er i tillegg montert opp 15 informasjonsskjermar på ulike plassar i Kinn kommune for å kunne nå flest mogleg innbyggjarar.
- Det er starta med Fritidskonto for individuell støtte til fritidsaktivitet til barn og det er sett av midlar mot sosial utjamning. Per i dag er det gitt midlar til 93 barn. Det er sett av 250.000 kr til sosial utjamning, og det er komt inn 24 søknader. Heilt nyleg er det og starta opp «open gymsal» for barnehagebarn i Florø og på Krokane.

3. "Generasjonsmøte". Kirkens Bymisjon – opprinnelege tiltaksforslag

Tiltak for unge med flyktning- og innvandrarakgrunn, inkludert einslege mindreårige, med fokus på språk, integrering og vaksenstøtte. Flyktningar og migrantar med særleg fokus på einslege mindreårige; Målsetjing; bidra til fellesskap, inkludering, vaksenkontakt, aktivitet, språk og kulturlæring og fagleg og emosjonell støtte. Gruppa skal koplatt med frivillige medarbeidarar som er godt vaksne/pensjonistar med skulefagleg kompetanse. Ideell gruppestorleik er 10 deltakarar, 7 frivillige og ein tilsett som koordinator og fagleg ansvarleg.

Status tiltak i Kinn kommune (kommunale, andre aktørar og frivillige) november 2025:

- KF Kurs ønskjer å utvikle eit tilbod retta mot utanforskap, men har ikkje deltakarar per november 2025. Arbeidet vert teke opp att på nyåret. Det er behov for vaksenressursar i eit tilbod som kan gi språkleg støtte, fagleg hjelp, kulturforståing og emosjonell støtte. Det er eit tomrom på tilbod for eldre ungdom, særleg unge flyktningar.
- Kurs KF har internasjonal møteplass i Strandgata i Florø der dei legg til rette for nettverksbygging og entreprenørskap.

- Havglytt som inkluderingsarena. Havglytt er i ferd med å bli ein sentral møteplass for mange typar utanforskap. Dei tilbyr ulike aktivitetar som strikke- og sygruppe, dart, bordtennis og biljard, spel og sosialt fellesskap. Dei har og turar, snekkerverkstad, samtalegrupper, frisør, dans og matlaging og praktisk kvardagsstøtte. Innbyggjarar i alle aldrar deltek, og huset fungerer som ein lågterskel trygg og open møteplass.
- Biblioteket/frivilligsentralen i samarbeid med Røde kors arrangerer språkkafe. Biblioteket er gratisarena for høgtlesing og andre arrangement som Ope Hus i samarbeid med m.a. LevVel. Det er behov for fleire frivillige for å drive språkkafe.

4 Utlånssentral (BUA) og arbeidstrening. Kirkens Bymisjon – opprinnelege tiltaksforslag
BUA kombinert med arbeidstrening, bruktbutikk og reparasjonskafé. Målsetjinga er at barn og unge kan delta i aktivitet og idrett ved å låne utstyr på BUA. Kirkens bymisjon kan overta BUA, og samstundes gi ungdom arbeidstrening, og legge til rette for mellom anna bruktbutikk og reparasjonskafe

Status tiltak i Kinn kommune (kommunale, andre aktørar og frivillige) november 2025:
Kinn kommune driftar i dag BUA i Florø og i Måløy. Erfaring viser at BUA kan vere ein god arbeidstreningssentral. Aktuelle supplement er Kyrkjetoget bruktbutikk som er i drift. Behov for reparasjonskafe er identifisert og planlagt starta.

I tillegg til ovannevnte har vi tiltak som Lev Vel har ansvar for. LEV VEL- team arbeider med miljø, livskvalitet og musikkterapi ut til heile helse og velferd. Lev Vel arbeider på tre nivå: individ, gruppe og samfunn. Teamet arbeider tett i tenestene med tilsette og leiarar. I tillegg er det samarbeid med frivillige, kultur og frivilligsentral.

Direkte arbeid på samfunnsnivå:

- Bowl – internasjonal kafé. 2 timar annakvar veke
- Kortilbud på dagtid. Målgruppe: friske vaksne
- Florø world Choir: lavterskel pop-up kor på kveldstid. Målgruppe alle.
Samarbeidspart: kurs KF, kyrkja, frivilligsentral,
- Ope hus. Kulturtorsdag kvar veke med arrangement på bibliotek, kyrkje, museum, havglytt. Samarbeidspartar: bibliotek, kyrkja, museum, pensjonistlaget, havglytt, senioruniversitetet, frivilligsentral

Arbeid på gruppenivå :

- Korkafe – lågterskel allsangtilbod for personar med demenssykdom
- Parkinson – treningsgruppe
- Møteplassen – ettermiddagstilbud kvar veke for vaksne personar med helseutfordringar
- Allsang på institusjonane
- Florø Rock. Bandtilbud for personar med utviklingshemming
- Mataktivitetsgruppe med kokk kvar veke på institusjon.

Arbeid på individnivå:

- Samfunnskoordinator: Kartlegging og hjelpe enkeltpersonar til aktivitet
- Musikkterapi. Ind.musikkterapi til pasienter med alvorlege helseutfordringar

Indirekte arbeid (veiledning,organisering, marknadsføring):

Individ:

- Frivillige på institusjon
- SMS ut til ca. 470 innbyggjarar kvar veke for å informere ut om arrangement.

Gruppe

- Møteplassestilbud for heimebuande i Måløy og skaretun

- Grytekoret; demenskor
- Samarbeid med skule, barnehage deriblant innsats for andre.

Samfunnsnivå

- Ope kafe i Eikefjord. Dreve av 5 frivillige lag og organisasjonar.
- Brosjyre/ haust/vårprogram to gongar i året.
- Facebooksider
- Informasjonsarbeid
- Tverrsektoriell samarbeidsforum (helse, kultur og fritid, oppvekst) – 4 gonger kvart år.
- Frivilligsamlingar – inspirasjon

Vurderingar:

Samarbeid og samskaping mellom kommune, andre aktørar og frivillighet er avgjerande for skape eit godt Kinn-samfunn, og vi er i gang med fleire viktige tiltak, og det vert gjort mykje godt arbeid.

For å ytterlegare styrke det tverrfaglege samarbeidet, videreutvikle og holde på etablerte strukturar styrke er det etablert ei tverrfagleg administrativ gruppe. Det er starta og deltakarar er leiarane i frivilligsentralane i Måløy og i Florø. Park og grønt avdelinga, kultursjef, LevVel ved fagleiar og nestleiarane i samfunn, miljø og kultur, helse og velferd, og oppvekst. Målet er å jobbe systematisk tverrfagleg med å inkludere frivillighet i tenestene, og gruppa skal mellom anna nytte moglegheitane som kom fram i rapport om Kinn kommune og frivillig sektor kapittel 6. Kulturtenesta har ansvar for å drive strukturen.

Økonomiske konsekvensar:

Orienteringssaka har ikkje økonomiske konsekvensar. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og eksterne aktørar må skje innan eksisterande rammer.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Repr. Teigen (AP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er dagleg leiar for Origod, som er nemnt i saken.

Kommunedirektøren informerer om at det er ein orienteringssak, men sidan selskapet er nemnt, bør han vurderast inhabil etter forvaltningslova § 6 e.

Kommunestyret erklærer samrøystes repr. Teigen inhabil, og han fråtrer i denne saka. Ingen vara.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 007/26 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 145/25 Vedtak:


Sak utsett grunna tid.

Behandling i Formannskapet 27.11.2025:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 131/25 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/26	Formannskapet	19.01.2026
008/26	Kommunestyret	29.01.2026

Orienteringssak - Bustad i sentrum

KOST- 008/26 Vedtak:

Kommunestyret tek informasjon gjeve i saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 19.01.2026

Kommunestyret tek informasjon gjeve i saka til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek informasjon gjeve i saka til vitande.

Bakgrunn for saka:

Samfunnsplan og «Bo trygt heime reforma» vise tydeleg at det er behov for variert bustadtilbod i Florø og Måløy, spesielt for eldre som flyttar til byen og unge førstegangsetablerarar.

Frå samfunnsplanen

- Berekraftig utvikling, attraktive bumiljø og gode tenester.
- Bidra til berekraftig bustadutvikling i tråd med kommuneplanen.
- Leggast til rette for gode og likeverdige bustadtilbod for både eldre og unge
- Bustadutviklinga skal støtte opp under omstilling og attraktivitet i Florø og Måløy
- Fremje klimavennlege løysingar og universell utforming.

Frå bo trygt heime reforma

- Vere i tråd med Bu trygt heime-reformen ved å:
 - Legge til rette for bustader som gjer det mogleg for eldre å bu heime lengre.
 - Fremje aldersvennlege og inkluderande lokalsamfunn.
 - Sikre bustadløysingar som er tilpassa både eldre og unge.
 - Bidra til førebygging og redusert behov for institusjonsbaserte tenester.
 - Styrke samspelet mellom bustadplanlegging og helse-/omsorgstenester

Saksopplysningar:

«Opplysningar om innhald, framdrift og aktørar for arbeidet kjem fram av vedlagt oppdragsbeskriving.

Både Pensjonistforbundet og Eldrerådet har engasjert seg i tematikken. Brev frå Pensjonistforbundet er lagt ved. Vedtak frå Eldrerådet er sitert nedanfor.

KIEL- 020/25 Vedtak:

Kinn eldreråd ber om at kommunedirektør og kommunestyret aktivt følgjer opp henvendinga i brev frå Pensjonistforbundet Florø, datert 15.09.25, angående reforma «Bo trygt heime»

1.Ved å svare på Pensjonistforbundet sitt brev om eit aktivt samarbeid om utbygging og tilpassing av boligar for eldre

2.Ved å leggje fram ei sak for kommunestyret om boligplanlegging for eldre i samsvar med Melding til Stortinget nr. 24 (2022-2023) og Samfunnsdelen til Kommuneplanen 2025-2035. I denne saka ber vi om at det blir vurdert tiltak av den typen Husbanken har presentert frå m.a. kommunane Askøy, Hadsel og Folda.

Vurderingar:

Det er avgjerande viktig at vi som samfunn får gjort arbeid innanfor bustadutvikling og sentrumsutvikling. Våre målsetningar i samfunnsdelen for framtidig omsorgstenester, sentrumsutvikling og bustadforvaltning er samkøyrte med den statlege reforma «Bo trygt heime». Dette inneberer at det arbeidet som no er i ferd med å bli starta opp svare godt på desse problemstillingane.

Slik som satsinga her blir presentert meiner administrasjonen intensjonane i brevet frå Pensjonistforbundet og vedtaket i Eldrerådet blir fylgd opp på ein god måte.

Satsinga tek sikte på å gjere noko med minst tre utfordringar:

- Leggje til rette for ein framtidig demografi, der fleire må klare seg sjølv heime lenger, og etter kvart får kommunal bistand i heimen. Da er det viktig at dei bur i godt tilpassa bustader, sentralt i kommunen.
- Vi får til ei naudsynt sentrumsutvikling både i Måløy og Florø.
- Byggjebørsen slite om dagen. Satsinga kan vere med å stimulere til positiv aktivitet innanfor denne bransjen.

Verkemidlane til staten innanfor bustad er gunstige. Det er no viktig at kommunen legg til rette for at kjøparar, leigetakarar utbyggjarar får gjort seg nytte av desse verkemidlane.

Økonomiske konsekvensar:

Den kommunale aktiviteten vil bli gjennomført innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Eventuelle kommunale bustadprosjekt som følgje av satsinga, blir å handtere som ei vanleg investering.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 008/26 Vedtak:

Kommunestyret tek informasjon gjeve i saka til vitande.

Behandling i Formannskapet 19.01.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 007/26 Vedtak:

Kommunestyret tek informasjon gjeve i saka til vitande.


Vedlegg i saken:

Bustad i Sentrum, oppdragsbeskrivelse - 12.01.26

Bo trygt hjemme - innspill frå pensjonistforbunda i Kinn kommune

Følgeskriv

Kinn bransjemøter 13.-14.11.25. Sverre Høyenes



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/26	Kommunestyret	29.01.2026

Orienteringssak: Prosess og framdrift - endring av skulestruktur

KOST- 009/26 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret handsama sak om skulestruktur i møte 23. oktober 2025.

KOST- 110/25 Vedtak:

1. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.
2. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.
3. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeid vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.
4. Byggearbeidet ved nye Skram skule og Florø Barneskule skal vere ferdig innan Raudeberg og Krokane skular vert avvikla, inkludert ny gymsal ved Florø Barneskule.

Saka no er ei orientering om korleis saka vert følgt opp. Sak fokuserer på tre områder;

- Gjennomføring av endringar kringsgrenser, og sak til kommunestyre om desse endringane
- Prosess for mellombelse skulelokaler i Florø i samband med rehabilitering av Florø Barneskule og bygging av ny gymsal
- Endring av tenestestad for tilsette og prosessinnvolvering
- Oppstart av arbeid med områdevurdering/planlegging av etterbruk

Rehabilitering av Florø Barneskule og ferdigstilling av Skram Skule vert orientert om særskilt.

Saka vart lagt fram som orienteringssak til formannskapet 19.01.2026 (FORM- 010/26).

I handsaminga av saka vart det frå representante Nødseth (Venstre) bedt om at orienteringssaka også vart tatt opp i kommunestyret.

Kommunedirektøren legg nå orienteringssaka fram til kommunestyret.

Saksopplysningar:

1. Endring av opptaksområde

Det vert utarbeidd to saker om endring av opptaksområde, med bakgrunn i punkt 1 og punkt 2 i kommunestyret sitt vedtak.

Det er behov for å avklare opptaksområde til skulane i Florø så raskt som mogleg. Foreldre etterspør kva for skule barn skal skrivast inn på frå august 2026, og skulane i Florø må allereie nå starte planlegging av ev samanslåing av klassar på årstrinn, ut frå at byggeprosessen ved Florø barneskule venteleg startar våren 2027.

Sakene om framlegg til nytt opptaksområde for nåverande Raudeberg skule og framlegg til nytt opptaksområde for nåverande Krokane skule, er planlagt utgreidd og sakshandsama etter slik framdriftsplan:

Nye opptaksområde – framdriftsplan for prosess

Tidspunkt	Arena / handsaming
19.01.2026	Dialog med FAU ved aktuelle skular og barnehagar
26.01.2026	Storforeldremøte (under planlegging). Infomasjon, dialog og avklaring om prosess
03.02.2026	Ekstramøte; Oppvekst- og kulturutvalet handsamar utkast til ny opptaksområde, og sender utkast på høyring
03.02.2026	6 veker høyringsfrist - Høyringsperiode 03.02. -17.03.26
24.03.2026	Oppvekst- og kulturutvalet handsamar sak om nye opptaksområde med innkomne høyringsinnspel, og tilrår vedtak til kommunestyret
09.04.2026	Kinn kommunestyre fattar vedtak om nye opptaksområde

2. Prosess for mellombelse skulelokale i Florø i samband med rehabilitering av Florø barneskule og bygging av ny gymsal

Prosjekt 510145 – *Florø barneskule inkl ny gymsal* er delt i underprosjekt:

- *Byggeprosjektet* som har fokus på bygging og rehabilitering av bygg og uteområde
- *Organisasjonsprosjektet* som har fokus på samanslåingsprosessen av 2 skular (pedagogikk og fagleg innhald knytt til drifta i byggeperioden, og framtidig organisering og pedagogiske moglegheiter i ny lokale)

Det er tett samarbeid mellom gruppene som jobbar med byggrehabilitering og drift/framtidig organisering. For at byggeprosjektet skal halde framdrifta, har organiseringsgruppa starta arbeidet med analysar og avklaringar av tilgjengeleg areal i eksisterande skular. Arbeidet med å finne eigna areal som kan nyttast til undervisningsareal for elevane i byggetida må så langt råd vere avklart i løpet av vårhalvåret 2026.

3. Endring av tenestestad for tilsette og prosessinvolvering

Framdriftsplan for avklaring av kompetansebehov og bemanning for skulane er under arbeid. To skular vert lagt ned, og arbeidsforholda til dei tilsette som vert påverka av dette må avklarast så tidleg som mogleg.

Dei næraste åra har vi tilsette som sluttar pga naturleg avgang, og årleg har vi erfaringar med at det av ulike årsaker er endringar i tilsettgruppene. For å finne gode og heilskaplege løysingar, vil vi sjå på kompetanse- og bemanningsbehovet ved alle skulane.

Avklaringar vert gjennomført i tett samarbeid mellom arbeidstakarorganisasjonane, verneombod, tenesteleiarar, kommunalsjef og personalsavdelinga i samsvar med lov- og avtaleverk, og Kinn kommune sine *Retningslinjer for endring av arbeidsoppgver og tenestestad for tilsette i samband med omstilling og overtal*.

ATO og ADMU vil få presentert saka med orientering om prosess og avklaringar.


Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 009/26 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
010/26	Kommunestyret	29.01.2026

Delegering av mynde i fritakssaker som gjeld politiske verv

KOST- 010/26 Vedtak:

1. Mynde i saker som gjeld søknad om fritak frå politiske verv, vert delegert til formannskapet.
2. Vedtak om delegering vert innarbeidd i Kinn kommune sitt politiske organiserings- og delegeringsreglement. Punkt 1.2.3 vert endra til følgjande:

«Det er berre saker som ikkje er av prinsipiell karakter som kan bli delegert, unntaket er saker som gjeld fritak frå politiske verv.»
3. Når mynde vert delegert til formannskapet, som er eit utval med langt færre medlemmar enn kommunestyret, så vil ein også endre praksis slik at grunngjeving for søknader må leggjast fram for utvalet, ikkje berre for ordførar og kommunedirektør. Opplysningar som er underlagt teieplikt skal sjølvstendig handsamast på reglementmessig måte og om nødvendig skje unnateke offentlegheita, men likevel tilgjengeleg for formannskapet underlagt teieplikt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Mynde i saker som gjeld søknad om fritak frå politiske verv, vert delegert til formannskapet.
2. Vedtak om delegering vert innarbeidd i Kinn kommune sitt politiske organiserings- og delegeringsreglement. Punkt 1.2.3 vert endra til følgjande:

«Det er berre saker som ikkje er av prinsipiell karakter som kan bli delegert, unntaket er saker som gjeld fritak frå politiske verv.»

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har bedt om ei sak på delegering av mynde i saker om fritak frå politiske verv.

Saksopplysningar:

Kommunestyret har bedt om ei avklaring på om mynde i saker om fritak frå politiske verv kan delegerast.

Kommunestyret er det øvste kommunale organet og treff vedtak på kommunen sine vegner, så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Kommunestyret kan delegere mynde til andre politiske organ eller til kommunedirektøren, jf. kommunelova § 5-3.

I Kinn kommune sitt politiske organiserings- og delegeringsreglement er det slått fast at delegering av mynde ikkje inneber at det organet som delegerer, gjev frå seg ansvar eller mynde på området avgjersla vedkjem.

Utdrag frå kommunelova § 7-9 2.ledd:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden.»

Prof. Bernt skriv følgjande i lovkommentar til kommunelova §7-9 2. ledd:

«I og med at det ikke står «kommunestyret og fylkestinget selv», kan denne fritaksmyndigheten delegeres, til vedkommende organ eller til annet organ, i praksis gjerne formannskapet eller fylkesutvalget.»

I forarbeidet til kommuneloven (Prop. 46 L 2017-2018) bemerker kommunal- og moderniseringsdepartementet at det fortsatt bør «skilles mellom hvilken myndighet som kan delegeres til kollegiale folkevalgte organer, og hvilken myndighet som kan delegeres til enkeltpersoner. Departementet vil derfor videreføre den vide adgangen til å delegere myndigheten til å treffe avgjørelser til formannskap, utvalg, kommunedelsutvalg og kommunerådet.

Også når det gjelder delegering av myndighet til enkeltpersoner (ordføreren, lederen av utvalg, den enkelte kommuneråden og kommunedirektøren), mener departementet som utvalget at loven både bør endres og tydeliggjøres. Enkeltpersoner bør ikke kunne delegeres myndighet til å treffe vedtak i saker som har prinsipiell betydning.

Departementet mener det er viktig at prinsipielle saker behandles av folkevalgte organer og at vedtaket i saken treffes der. En slik avgrensning i adgangen til å delegere går ikke utover den kommunale organisasjonsfriheten i særlig grad. Kommunestyret kan fortsatt delegere slik myndighet til formannskap og utvalg. Dette gir kommunestyret en tilstrekkelig grad av organisasjonsfrihet når det vurderer og behandler delegeringsreglementet.»

Kinn kommune sitt organiserings- og delegeringsreglement slår fast at kommunestyret sjølv skal behandle folkevald organisering. Vidare står det i punkt 1.2.3 at «det er berre saker som **ikkje** er av prinsipiell karakter som kan bli delegert».

Vurderingar:

Kommunedirektøren vurderer at mynde i saker gjeldande fritak frå politiske verv, kan delegerast ihht. kommunelova § 7-9.

Kommunestyret må vurdere om delegering kan gjevast i tråd med gjeldande delegeringsreglement i kommunen.

Ein søknad om fritak frå politisk verv er vanlegvis ikkje prinsipiell når den gjeld ei individuell vurdering innanfor klare rammer i kommunelova § 7-9, og ikkje inneber endring av etablert praksis.

Saka kan derimot vere prinsipiell dersom ho reiser spørsmål om lovtolking, byggjer på nye eller uklare grunnar, inneber vurdering av omfang eller varigheit av fritak på ein ny måte, eller kan få betydning for framtidig praksis og fleire verv-innehavarar.

Saksopplysningane viser eit skilje mellom delegering av mynde til kollegiale folkevalde

organ og til enkeltpersonar. I saker som har prinsipiell betydning, som fritakssaker i blant kan vere, bør avgjerdsmynda liggje hos folkevalde organ, og ikkje delegerast til enkeltpersonar. Kommunedirektøren vurderer at delegering av mynde til formannskapet er i tråd med lova si intensjon, sikrar brei politisk forankring og styrkjer legitimiteten i avgjerdene. Det blir difor tilrådd at mynde i slike saker enten vert beholdt i kommunestyret eller vert delegert til formannskapet.

Delegering av mynde inneber ikkje at kommunestyret fråskriv seg ansvar eller overordna mynde på det området avgjerda gjeld.

Dersom kommunestyret vel å delegere mynde i fritakssaker, bør også Kinn kommune sitt reglement for politisk organisering og delegering endrast i tråd med det.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova §§ 5-3 og 7-9

Prop. 46 L (2017-2018)

Lovkommentar av Jan Fridthjof Bernt

[Politisk organisering og delegering - Kinn kommune](#)

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Nytt tilleggspunkt, nytt punkt 3, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Når mynde vert delegert til formannskapet, som er eit utval med langt færre medlemmar enn kommunestyret, så vil ein også endre praksis slik at grunngjeving for søknader må leggjast fram for utvalet, ikkje berre for ordførar og kommunedirektør. Opplysningar som er underlagt teieplikt skal sjølvstendig handsamast på reglementmessig måte og om nødvendig skje unnateke offentlegheita, men likevel tilgjengeleg for formannskapet underlagt teieplikt.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


Tilleggsframlegg frå Venstre v/repr. Nødseth samrøystes vedteke.

KOST- 010/26 Vedtak:

1. Mynde i saker som gjeld søknad om fritak frå politiske verv, vert delegert til formannskapet.
2. Vedtak om delegering vert innarbeidd i Kinn kommune sitt politiske organiserings- og delegeringsreglement. Punkt 1.2.3 vert endra til følgjande:

«Det er berre saker som ikkje er av prinsipiell karakter som kan bli delegert, unntaket er saker som gjeld fritak frå politiske verv.»

3. Når mynde vert delegert til formannskapet, som er eit utval med langt færre medlemmar enn kommunestyret, så vil ein også endre praksis slik at grunngjeving for søknader må leggjast fram for utvalet, ikkje berre for ordførar og kommunedirektør. Opplysningar som er underlagt teieplikt skal sjølvstendig handsamast på reglementmessig måte og om nødvendig skje unnateke offentlegheita, men likevel tilgjengeleg for formannskapet underlagt teieplikt.



Saksnr.	Utval	Møtedato
139/25	Kommunestyret	16.12.2025
011/26	Kommunestyret	29.01.2026

Søknad om fritak frå Kinn eldreråd / suppleringsval - Asbjørn Våge

KOST- 011/26 Vedtak:

Sidan saka manglar opplysningar vert saka sendt over til formannskapet i tråd med delegert fullmakt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret gir Asbjørn Våge fritak frå sitt verv i Kinn eldreråd frå 01.01.2026 og ut valperioden.
2. Toril Granheim vert valt som fast medlem i Kinn eldreråd frå 01.01.2026 og ut valperioden.
3. Dagrun Paris vert valt som varamedlem i Kinn eldreråd frå 01.01.2026 og ut valperioden.

Bakgrunn for saka:

Asbjørn Våge har søkt om fritak frå sitt verv i Kinn eldreråd frå 01.01.2026 og ut valperioden.

Saksopplysningar:

Asbjørn Våge har i e-post datert 04.12.2025, søkt om fritak frå sitt verv som leiar i Kinn eldreråd grunna personlege årsaker. Han har tidlegare fått innvilga midlertidig fritak i perioden 13.03.2025 - 31.12.2025, og søker no fritak ut resten av valperioden. Ordførar, varaordførar og kommunedirektør er kjend med innhaldet i søknaden. Sjølv søknaden er unnateke offentlegheita, jf. offl. §13 1.ledd.

Asbjørn Våge er leiar i Kinn eldreråd og er eldrerådet sin observatør i oppvekst- og kulturutvalet.

Reglane om fritak frå verv som folkevald går fram av kommunelova.

Kommunelova § 7-9 2. ledd:

“Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det

legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.”

I førearbeidet til utarbeiding av kommunelova, proposisjon til Stortinget - Prop. 46 L (2017-2018) s. 363 er dette nærare utdjupa:

“Fritak kan innvilges dersom det vil være til vesentlig ulempe for den folkevalgte dersom vedkommende ikke innvilges fritak. Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner. Etter bestemmelsen må det foreligge vesentlig ulempe.”

Det er kommunestyret som avgjør søknadar om fritak frå politiske verv. Dersom kommunestyret vel å innvilge søknaden, skal det veljast eit nytt medlem til Kinn eldreråd ut valperioden, jf. kommunelova § 7-10.

Det nye medlemmet skal veljast frå den same gruppa som det fråtredde medlemmet tilhøyre. Viss det vil føre til at eitt kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmane i organet, skal det, viss det er mogleg, veljast eit nytt medlem frå det underrepresenterte kjønnnet.

Vurderingar:

Ordførar har vurdert at saka skal leggst fram i ope møte, men utan sjølv søknaden, då den inneheld personsensitive opplysningar som er unnateke offentlegheita, jf. offl. §13 1. ledd. Varaordførar og kommunedirektør er kjend med innhaldet i søknaden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak om fritak, er i tråd med kommunelova § 7-9 2. ledd. Grunnen oppgitt i fritakssøknaden, tilseier at Våge bør innvilgast fritak ut valperioden.

Dersom kommunestyret vel å innvilge søknaden om fritak, skal det veljast eit nytt fast medlem i Kinn eldreråd. Medlemmet skal veljast frå den same gruppa som Våge tilhøyrer, Vågsøy pensjonistlag, jf. kommunelova § 7-11. Vågsøy pensjonistlag foreslår at Toril Granheim rykker opp frå varamedlem til fast medlem. Så foreslår dei Dagrun Paris som varamedlem i same periode. Granheim og Paris har også vore settemedlem og settevaramedlem i Våge sitt midlertidige fritak.

Kommunelova presiserer at dersom det er mogleg, skal det veljast nytt medlem frå det underrepresenterte kjønnnet. Ved å velje inn to kvinner, vil det føre til at det mannlege kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmane i organet, men det har ikkje vore mogleg å finne mannlege kandidatar frå same gruppe.

Kommunestyret avgjør søknaden om fritak, og ved innvilga fritak, vel kommunestyret medlem til eldrerådet.

Eldrerådet vel sjølv leiar og ny observatør til oppvekst- og kulturutvalet i sitt neste møte.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova § 7-9, § 7-10 og § 7-11](#)
[Stortinget - Prop. 46 L \(2017-2018\)](#)

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Alternativt framlegg, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Sidan saka manglar opplysningar vert saka sendt over til formannskapet i tråd med delegert fullmakt.

Røysting:

Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth vedteke mot to røyster frå KrF.

KOST- 011/26 Vedtak:


Sidan saka manglar opplysningar vert saka sendt over til formannskapet i tråd med delegert fullmakt.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 139/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.



Saksnr.	Utval	Møtedato
012/26	Kommunestyret	29.01.2026

Søknad om fritak som varamedlem i Kinn forliksråd - Martin Ramsdal

KOST- 012/26 Vedtak:

Kommunestyret innvilgar Martin Ramsdal fritak som varamedlem i Kinn forliksråd.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret innvilgar Martin Ramsdal fritak som varamedlem i Kinn forliksråd.

Bakgrunn for saka:

Martin Ramsdal har søkt om fritak frå sitt verv som varamedlem i Kinn forliksråd.

Saksopplysningar:

Martin Ramsdal har i e-post datert 16.12.2025, søkt om fritak frå sitt verv som varamedlem i Kinn forliksråd.

Han skriv følgjande i sin fritakssøknad:

«Søknad om fritak frå verv som varamedlem i Kinn forliksråd

Eg viser til tidlegare dialog med Frank Willy Djuvik og Mari Halsør i Kinn kommune. På bakgrunn av mi noverande arbeidssituasjon ser eg meg dessverre forhindra frå å kunne møte i særleg grad som varamedlem i Kinn forliksråd.

Eg fungerer i dag som dagleg leiar i gründerselskapet Nekst AS. Selskapet har nyleg sett i gang ei større investering knytt til bygging av ny oppdrettsmerd for norsk havbruksnæring.

Arbeidet i denne fasen er både intensivt og krevjande, og det er samstundes usikkert kor lenge denne perioden vil vare. På dette grunnlaget finn eg det nødvendig å søkje om fritak på nytt.

Eg vil også peike på at eg vart vald inn som varamedlem i forliksrådet på feil grunnlag. I god tid før valet informerte eg Frank Willy Djuvik om at arbeidssituasjonen min hadde endra seg i slik grad at eg ikkje ville ha høve til å utføre vervet på ein forsvarleg måte. Trass i at eg gjorde tydeleg merksam på at eg ikkje kunne påta meg oppgåver i forliksrådet, vart eg likevel ført opp på lista som varamedlem, og vart dermed vald inn. Eg har tidlegare god erfaring frå arbeid som meddommar i tingretten over ein periode på fire år. Dette var likevel i ein rolegare fase for selskapet, og det var då mogleg å kombinere vervet med arbeidssituasjonen.

Eg stiller meg gjerne til disposisjon for folkevalde verv på eit seinare tidspunkt, når arbeidssituasjonen tillèt det.
Eg håpar på forståing for situasjonen og at søknaden om fritak denne gongen kan bli innvilga av Kinn kommune.

Med venleg helsing
Martin Ramsdal»

Ramsdal søkte også i januar 2025 om fritak. Kommunestyret behandla søknaden i K-sak 041/25, i møte 10.04.2025, og ga avslag.

Reglane om fritak frå verv i forliksrådet går fram av domstollova.

Domstollova §59: «Når et forliksrådsmedlem eller varamedlem dør eller flytter fra kommunen, eller når det opplyses at vedkommende mangler noen av de betingelser som nevnt i §§ 53 eller 56 første ledd, eller vedkommende ellers blir varig forhindret fra å gjøre tjeneste, foretar kommunestyret nytt valg av medlem eller varamedlem for den tid som er igjen. Valget foretas som flertallsvalg.

Kommunestyret kan tillate et medlem eller varamedlem å fratre sin stilling før tiden og foretar i så fall nytt valg etter reglene i første ledd.

Den som oppnevnes som medlem eller varamedlem etter denne paragraf, kommer i rekkefølge etter dem som er oppnevnt tidligere. Dersom det holdes valg på nytt medlem fordi formannen har fratrådt e.l., kan kommunestyret selv velge ny formann uavhengig av første punktum.»

Domstollova § 74: «En person kan kreve seg fritatt fra valg dersom helsetilstand eller andre særlige grunner tilsier det, eller vedkommende har vært medlem av et utvalg av lagrettemedlemmer eller meddommere i to perioder tidligere.»

Vurderingar:

Den nye søknaden inneheld nye opplysningar om arbeidssituasjonen til Ramsdal. Han skriv at arbeidssituasjonen gjer det vanskeleg for han å møte i forliksrådet. Lovkommentaren til domstollova §74 frå Anders Bøhn slår fast at yrkesmessige og økonomiske forhold vil kunne utgjere ein særleg grunn, og såleis gje grunnlag for fritak. Administrasjonen har vore i kontakt med statsforvaltaren, som er positiv til eit fritak, begrunna med at det er viktig med kontinuitet og forutsigbarhet i eit forliksråd.

Sekretariatet i forliksrådet har også tidlegare kontakta kommunen vedrørande vanskar med å få medlemmar og varamedlemmar til å møte i forliksrådet. Det vart også der peika på viktigheita av forutsigbarhet og interesse for å inneha vervet.

Forliksrådet er avhengig av kontinuitet og stabil samansetjing for å sikre forutsigbar, effektiv og fagleg forsvarleg saksbehandling. Varamedlemmar som ikkje har høve til å møte jamleg, vil i mindre grad kunne opparbeide naudsynt erfaring og tryggleik i rolla, samanlikna med faste medlemmer. Sporadisk deltaking kan òg føre til varierende praksis og redusert effektivitet i arbeidet.

Kommunedirektøren vurderer at fritak for varamedlem som ikkje reelt kan stille jamleg, kan bidra til eit meir stabilt og velfungerande forliksråd, med betre kontinuitet, meir einsarta praksis og styrkt rettstryggleik for partane.
Kommunedirektøren vurderer difor at Ramsdal bør få fritak.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Domstollova §§ 74 og 59

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedteke mot 8 røyster frå AP.

KOST- 012/26 Vedtak:

Kommunestyret innvilgar Martin Ramsdal fritak som varamedlem i Kinn forliksråd.

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak som varamedlem i Kinn forliksråd - Martin Ramsdal



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Gruppeleiarutvalet	
140/25	Kommunestyret	16.12.2025
013/26	Kommunestyret	29.01.2026

Suppleringsval plan- og miljøutvalet, oppvekst- og kulturutvalet, klagenemnda og overtakstnemnd for eigedomsskatt

KOST- 013/26 Vedtak:

1. Nytt varamedlem for FrP i plan- og miljøutvalet vert: Inger Grethe Dalehamn
2. Nytt varamedlem for FrP i oppvekst- og kulturutvalet vert: Inger Grethe Dalehamn
3. Nytt varamedlem for FrP i klagenemnda vert: Inger Grethe Dalehamn
4. Nytt fast medlem for FrP i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert: Inger Grethe Dalehamn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt varamedlem for FrP i plan- og miljøutvalet vert:
2. Nytt varamedlem for FrP i oppvekst- og kulturutvalet vert:
3. Nytt varamedlem for FrP i klagenemnda vert:
4. Nytt fast medlem for FrP i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert:

Bakgrunn for saka:

Representant Unni Giil (FrP) fekk i K-møte 23.10.2025 innvilga sin søknad om fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune. Ho må erstattast i sine verv.

Saksopplysningar:

Kommunestyret innvilga repr. Giil (FrP) sin søknad om fritak frå politiske verv i K-sak

115/25 i møte 23.10.2025.

Repr. Giil har hatt følgjande politiske verv i Kinn kommune:

Utval	Rolle
Kommunestyret	Varamedlem
Plan- og miljøutvalet	Varamedlem
Oppvekst- og kulturutvalet	Varamedlem
Klagenemnda	Varamedlem
Overtakstnemnd for eigedomsskatt	Fast medlem

Repr. Giil må erstattast i sine verv på følgjande måte:

Kommunestyret

Opprykk skjer etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet i 2023, jf. kommunelova § 7-10 2. ledd. Nytt 8. varamedlem for FrP i kommunestyret vert Rolf Grønnevik.

Plan- og miljøutvalet, Oppvekst- og kulturutvalet og Klagenemnda

Det må veljast eit nytt kvinneleg varamedlem frå FrP. Det nye varamedlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. FrP, jf. kommunelova § 7-10 3. ledd. Det nye varamedlemmet rykker inn på den ledige plassen, jf. kommunelova § 7-10 6. ledd.

Overtakstnemnd for eigedomsskatt

Det må veljast eit nytt fast kvinneleg medlem frå FrP. Det nye medlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. FrP, jf. kommunelova § 7-10 3. ledd. Medlemmer av formannskapet kan ikkje veljast som medlem av nemnda, jf. eigedomsskattelova § 21.

Vurderingar:

Nytt varamedlem i kommunestyret skjer etter opprykk frå kommunestyrevalet i 2023. FrP innstiller representantar til å erstatte Unni Gill i hennar verv i plan- og miljøutvalet, oppvekst- og kulturutvalet, klagenemnda og overtakstnemnd for eigedomsskatt. Kommunestyret vel dei føreslegne kandidatane dersom dei lovbestemte vilkåra er oppfylt.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova § 7](#)

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Nytt varamedlem for FrP i plan- og miljøutvalet vert: Inger Grethe Dalehamn
2. Nytt varamedlem for FrP i oppvekst- og kulturutvalet vert: Inger Grethe Dalehamn
3. Nytt varamedlem for FrP i klagenemnda vert: Inger Grethe Dalehamn

4. Nytt fast medlem for FrP i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert: Inger Grethe Dalehamn

Røysting:

Framlegg frå gruppeleiarutvalet v/leiar Djuvik samrøystes vedteke.

KOST- 013/26 Vedtak:


1. Nytt varamedlem for FrP i plan- og miljøutvalet vert: Inger Grethe Dalehamn
2. Nytt varamedlem for FrP i oppvekst- og kulturutvalet vert: Inger Grethe Dalehamn
3. Nytt varamedlem for FrP i klagenemnda vert: Inger Grethe Dalehamn
4. Nytt fast medlem for FrP i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert: Inger Grethe Dalehamn

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 140/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.



Saksnr.	Utval	Møtedato
014/26	Kommunestyret	29.01.2026

Suppleringsval - Sidsel Fænn Kongsvik

KOST- 014/26 Vedtak:

1. Nytt medlem for SP i kommunestyret vert: Elisabeth Halsne
2. Nytt varamedlem nr. 6 for SP i kommunestyret vert: Geir Sandvik
3. Nytt medlem for SP i formannskapet vert: Anita Eikevik
4. Nytt medlem for SP i finansutvalet vert: Anita Eikevik
5. Nytt medlem for SP i gruppeleiarutvalet vert: Anita Eikevik
6. Nytt medlem for SP i valstyret vert: Anita Eikevik
7. Ny 1. vara for partia FrP/SP i KS fylkesmøte vert: Elisabeth Halsne
8. Nytt medlem i Nordfjord hamneråd vert: Randi Aare
9. Nytt varamedlem i Hansenbakken borettslag vert: Heidi Borge
10. Nytt 1. varamedlem i Representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS vert: Heidi Borge

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt medlem for SP i kommunestyret vert: Elisabeth Halsne
2. Nytt varamedlem nr. 6 for SP i kommunestyret vert: Geir Sandvik
3. Nytt medlem for SP i formannskapet vert:
4. Nytt medlem for SP i finansutvalet vert:
5. Nytt medlem for SP i gruppeleiarutvalet vert:
6. Nytt medlem for SP i valstyret vert:
7. Ny 1. vara for partia FrP/SP i KS fylkesmøte vert:
8. Nytt medlem i Nordfjord hamneråd vert:
9. Nytt varamedlem i Hansenbakken borettslag vert:
10. Nytt 1. varamedlem i Representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS vert:

Bakgrunn for saka:

Administrasjonen er blitt gjort kjent med at representanten Sidsel Fænn Kongsvik frå Senterpartiet har flytta frå Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Representanten Sidsel Fænn Kongsvik frå Senterpartiet har meldt flytting frå Kinn kommune og dei politiske verva ho har i kommunen fell automatisk bort.

Det må veljast ny representant i følgjande verv i Kinn kommune:

Utval	Rolle
Kommunestyret	Fast medlem og nytt 6.varamedlem
Formannskapet	Fast medlem
Finansutvalet	Fast medlem
Gruppeleiarutvalet	Fast medlem
Valstyret i Kinn kommune	Fast medlem
KS fylkesmøte	1.vara for partia FrP/SP/INP
Nordfjord hamneråd	Fast representant
Hansenbakken borettslag	Varamedlem
Representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS	1. Varamedlem

Repr. Kongsvik må erstattast i sine verv på følgjande måte:

Kommunestyret:

Opprykk i kommunestyret med hensyn til nytt fast medlem og opprykk av resten av varalista skjer i henhold til valoppgjøret frå kommunestyrevalet hausten 2023, jf. kommunelova §7-10, 2. ledd.

Formannskapet:

Val av nytt fast medlem i formannskapet er det SP si gruppe som foreslår, jf. kommunelova §7-10, 3. ledd. Kvantitativt skal representerast med minst 40 prosent i formannskapet, jf. kommunelova §7-7 3. ledd. Det må difor veljast ei kvinne. Kommunestyret stadfestar valet.

Finansutvalet:

Finansutvalet har personsamanfall med formannskapet, jf. Kinn kommune sitt reglement for politisk organisering og delegering. Representanten som veljast inn i formannskapet, vert fast medlem i finansutvalet.

Valstyret:

Representanten som veljast inn i formannskapet, vert fast medlem i valstyret, jf. vedtak i K-sak 115/24.

Gruppeleiarutvalet:

Senterpartiet må velje ny gruppeleiar, som trer inn som fast medlem i gruppeleiarutvalet jf. Reglement for Politisk organisering og delegering i Kinn kommune. Kommunestyret stadfestar valet.

KS fylkesmøte:

Det må veljast ny 1. vara for partia FrP/SP. Det nye medlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. FrP/SP jf kommunelova § 7-10 3 ledd. Det nye varamedlemmet rykker inn på den ledige plassen, jf. Kommunelova § 7-10 6 ledd. Kommunestyret stadfestar valet.

Nordfjord hamneråd:

Det må veljast eit nytt medlem. Kommunestyret gjennomfører valet.

Hansenbakken borettslag:

Det må veljast eit nytt varamedlem.
Kommunestyret gjennomfører valet.

Representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS:

Det må veljast eit nytt varamedlem.
Kommunestyret gjennomfører valet.

Vurderingar:

Framlegg til vedtak er i tråd med kommunelova.
Kommunestyret må foreta vala i henhold til kommunelova § 7.

Dersom varamedlem vert vald inn ved opprykk må ein sørge for at eventuelt nytt varamedlem vert vald.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 7

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

SP, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti

Suppleringsvalg Sidsel Kongsvik:


3. Nytt medlem for SP i formannskapet vert: Anita Eikevik
4. Nytt medlem for SP i finansutvalet vert: Anita Eikevik
5. Nytt medlem for SP i gruppeleiarutvalet vert: Anita Eikevik
6. Nytt medlem for SP i valstyret vert: Anita Eikevik
7. Ny 1. vara for partia FrP/SP i KS fylkesmøte vert: Elisabeth Halsne
8. Nytt medlem i Nordfjord hamneråd vert: Randi Aare
9. Nytt varamedlem i Hansenbakken borettslag vert: Heidi Borge
10. Nytt 1. varamedlem i Representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS vert: Heidi Borge

Røysting:

Framlegg frå SP v/repr. Eikevik samrøystes vedteke.

KOST- 014/26 Vedtak:

1. Nytt medlem for SP i kommunestyret vert: Elisabeth Halsne
2. Nytt varamedlem nr. 6 for SP i kommunestyret vert: Geir Sandvik
3. Nytt medlem for SP i formannskapet vert: Anita Eikevik
4. Nytt medlem for SP i finansutvalet vert: Anita Eikevik
5. Nytt medlem for SP i gruppeleiarutvalet vert: Anita Eikevik
6. Nytt medlem for SP i valstyret vert: Anita Eikevik
7. Ny 1. vara for partia FrP/SP i KS fylkesmøte vert: Elisabeth Halsne
8. Nytt medlem i Nordfjord hamneråd vert: Randi Aare
9. Nytt varamedlem i Hansenbakken borettslag vert: Heidi Borge
10. Nytt 1. varamedlem i Representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS vert: Heidi Borge



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Gruppeleiarutvalet	
137/25	Kommunestyret	16.12.2025
015/26	Kommunestyret	29.01.2026

Val av representantar til styret i Havhesten KF

KOST- 015/26 Vedtak:

Leiar: Anders Ole Sunnarvik (AP)
Nestleiar: Jan Arve Midtbø (SP)
Styremedlem: Siri Solbakken (SV)
Styremedlem: Trine Hovland (H)

1. varamedlem: Eirin Stensvoll Brandsøy (SV)
2. varamedlem Anita Eikevik (SP)
3. varamedlem Terje Svardahl (H)
4. varamedlem Trond Øien

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgjande 4 faste medlemmar og 4 varamedlemmar, samt leiar og nestleiar, til styret i Havhesten KF 2025-2027:

Leiar:
Nestleiar:
Medlem:
Medlem:

1. varamedlem:
2. varamedlem:
3. varamedlem:
4. varamedlem:

Bakgrunn for saka:

Det skal veljast nytt styre for Havhesten Kinn kommune KF for perioden 2025-2027. Sittande styre vart i møte 05.10.2023 valt for perioden 2023-2025, og kommunestyret må no foreta nytt val av styre.

Saksopplysningar:

Havhesten Kinn kommune KF er eit kommunalt føretak oppretta med heimel i kommunelova kap. 9. Kommunestyret valde nye representantar til styret i Havhesten KF

05.10.2023 i sak 125/23.

Det skal no veljast nytt styre for Havhesten KF for perioden 2025-2027. Kinn kommunestyre skal velje 4 faste medlemmar, 4 varamedlemmar, samt leiar og nestleiar for styret. Det skal også veljast ein representant for dei tilsette.

Valperioden for styremedlemmar er to år dersom ikkje anna er bestemt i føretaket sine vedtekter. Valperioden kan ikkje vere meir enn fire år.

Når særlege forhold ligg føre, har eit styremedlem rett til å tre ut av styret før valperioden er over.

Kommunestyret kan sjølv når som helst ved nyval skifte ut styremedlemmar som dei sjølv har valt, jf. §9-7 i kommunelova.

I vedtektene til Havhesten KF står det følgjande:

§7 Styret.

1. Tal medlemer

Styret skal ha 5 medlemer med personlege varamedlemer.

2. Krav til kompetanse

I styret bør det mellom anna vere kompetanse innan økonomi og personalforvaltning.

3. Val av styre

Kinn kommunestyre vel sjølv representantane til styret, og leiar og nestleiar. Styreleiar, nestleiar, medlemer og varamedlemer vert valde for to år. Eitt av dei fem styremedlemane og ein personleg varamedlem vert valt blant dei tilsette, etter innstilling frå dei tilsette, jf.. kommunelova § 9-6. Styremedlem og varamedlem skal veljast frå ulike avdelingar i føretaket.

4. Dei tilsette sine representantar

Styrerepresentanten for dei tilsette har ikkje rett til å delta i handsaming av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettsvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler. Dersom føretaket har mynde til å treffe einskildvedtak eller fastsette forskrifter, jf.. forvaltningslova § 2, skal denne styremedlemmen ikkje delta i handsaming av desse sakene.

5. Dagleg leiar

Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

6. Fritak og suppleringsval

Spørsmål om fritak, uttreden eller nyval av styremedlem vert handsama av kommunestyret. Ved endeleg uttreden eller varig forfall, skal det haldast suppleringsval for resten av perioden.

§8 Styret sitt mynde.

1. Styret leiar føretaket og har mynde til å treffe avgjerd i alle saker som gjeld føretaket og føretaket si verksemd.
2. Styret har ansvar for at verksemda vert drive i samsvar med føretaket sitt formål og vedtekter, kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett, andre vedtak eller retningslinjer fastsett av kommunestyret og i samsvar med lov og forskrifter.
3. Styret har ansvar for at saker som skal handsamast i kommunestyret er tilstrekkeleg førebudd. Styret set i verk kommunestyret sine vedtak.
4. Vedtak om låneopptak krev samtykkje av kommunestyret.
5. Styret skal sjå til at det vert ført lovmessig rekneskap av føretaket for heile føretaket si verksemd slik det er skissert under §4. Revisjon skal

utførast av kommunerevisjonen. Kommunen sitt kontrollutval er ansvarleg for føretaket sin revisjon.

6. Styret skal levere sitt framlegg til handlingsprogram, budsjett og økonomiplan etter kommunelova sine reglar til Kinn formannskap som så innstiller til Kinn kommunestyre for endeleg vedtak. I handlingsprogrammet skal det gå fram korleis føretaket skal sørge for fagleg utvikling for dei tilsette. Budsjettet skal vise alle inntekter og utgifter knytt til føretaket si verksemd.
7. Styret tilset dagleg leiar. Styret fastset også løn og andre vilkår for dagleg leiar. Styreleiar forhandlar med dagleg leiar i forkant av slik førehaving i styret.
8. For dei kommunale føretaka gjeld dei til ei kvar tid gjeldande særlover, som kommunelova, tariffavtale, avtaleverk og kommunale retningslinjer.
9. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.
10. Styret har instruksjons- og omgjeringsmynde overfor dagleg leiar.

Vurderingar:

Kinn kommunestyre vel 4 faste medlemar, 4 varamedlem, samt leiar og nestleiar for styret.

For at kravet til kjønnsbalanse i styret skal oppfyllest, må det veljast to kvinnelege og to mannlege representantar både blant dei faste medlemmane og varamedlemmane.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova kapittel 9](#)

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Avtaleval, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Leiar: Anders Ole Sunnarvik (AP)

Nestleiar: Jan Arve Midtbø (SP)

Styremedlem: Siri Solbakken (SV)

Styremedlem: Trine Hovland (H)

1. varamedlem: Eirin Stensvoll Brandsøy (SV)

2. varamedlem Anita Eikevik (SP)

3. varamedlem Terje Svardahl (H)

4. varamedlem Trond Øien

Røysting:

Framlegg frå gruppeleiarutvalet v/leiar Djuvik samrøystes vedteke.

KOST- 015/26 Vedtak:

Leiar: Anders Ole Sunnarvik (AP)

Nestleiar: Jan Arve Midtbø (SP)

Styremedlem: Siri Solbakken (SV)

Styremedlem: Trine Hovland (H)

1. varamedlem: Eirin Stensvoll Brandsøy (SV)

2. varamedlem Anita Eikevik (SP)

3. varamedlem Terje Svardahl (H)

4. varamedlem Trond Øien

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Avtaleval, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Leiar: Anders Ole Sunnarvik (AP)

Nestleiar: Jan Arve Midtbø (SP)

Styremedlem: Siri Solbakken (SV)

Styremedlem: Trine Hovland (H)

1. varamedlem: Eirin Stensvoll Brandsøy (SV)

2. varamedlem Anita Eikevik (SP)

3. varamedlem Terje Svardahl (H)

4. varamedlem Trond Øien


Sak utsett grunna tid.

KOST- 137/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedlegg i saken:

Vedtekter Havhesten Kinn kommune KF - vedteke 22.01.2020 (K-sak 004/20)



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Gruppeleiarutvalet	
138/25	Kommunestyret	16.12.2025
016/26	Kommunestyret	29.01.2026

Val av representantar til styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF

KOST- 016/26 Vedtak:

Leiar: Bjarne Holme (FrP)
Nestleiar: Gustav Johan Nydal (KrF)
Styremedlem: Karianne Torvanger (AP)
Styremedlem: Siri Sunde (H)

1. varamedlem: Marie Kronen Tveranger (R)
2. varamedlem: Heidi Rønhovde (SV)
3. varamedlem: Tor-Åge Gravdal (AP)
4. varamedlem: Morten Mortensen (H)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgjande 4 faste medlemmar og 4 varamedlemmar, samt leiar og nestleiar, til styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF 2025-2027:

Leiar:
Nestleiar:
Medlem:
Medlem:

1. varamedlem:
2. varamedlem:
3. varamedlem:
4. varamedlem:

Bakgrunn for saka:

Det skal veljast nytt styre for Kinn utdannings- og ressurscenter KF for perioden 2025-2027.

Sittande styre vart i møte 05.10.2023 valt for perioden 2023-2025, og kommunestyret må no foreta nytt val av styre.

Saksopplysningar:

Kinn utdannings- og ressurscenter KF er eit kommunalt føretak oppretta med heimel i

kommunelova kap. 9. Kommunestyret valde nye representantar til styret i Kinn utdannings- og ressursssenter 05.10.2023 i sak 126/23.

Det skal no veljast nytt styre for Kinn utdannings- og ressursssentrer KF for perioden 2025-2027.

Kinn kommunestyre skal velje 4 faste medlemmar, 4 varamedlemmar, samt leiar og nestleiar for styret. Det skal også veljast ein representant for dei tilsette.

Valperioden for styremedlemmar er to år dersom ikkje anna er bestemt i føretaket sine vedtekter. Valperioden kan ikkje vere meir enn fire år.

Når særlege forhold ligg føre, har eit styremedlem rett til å tre ut av styret før valperioden er over.

Kommunestyret kan sjølv når som helst ved nyval skifte ut styremedlemmar som dei sjølv har valt, jf. §9-7 i kommunelova.

I vedtektene til Kinn utdannings- og ressursssenter KF står det følgjande:

§7. Styret.

1. Tal medlemer

Styret skal ha 5 medlemer med personlege varamedlemer.

2. Krav til kompetanse

I styret bør det mellom anna vere kompetanse i flyktning- og innvandrarfaglege spørsmål, økonomi og personalforvaltning.

3. Val av styre

Kinn kommunestyre vel sjølv representantane til styret, og leiar og nestleiar.

Styreleiar, nestleiar, medlemer og varamedlemer vert valde for to år. Eitt av dei fem styremedlemane og ein personleg varamedlem vert valt blant dei tilsette, etter innstilling frå dei tilsette, jf. kommunelova § 9-6. Styremedlem og varamedlem skal veljast frå ulike avdelingar i føretaket.

4. Dei tilsette sine representantar

Styrerepresentanten for dei tilsette har ikkje rett til å delta i handsaming av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler. Dersom føretaket har mynde til å treffe einskildvedtak eller fastsette forskrifter, jf.. forvaltningslova § 2, skal denne styremedlemmen ikkje delta i handsaming av desse sakene.

5. Dagleg leiar

Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

6. Fritak og suppleringsval

Spørsmål om fritak, uttrede eller nyval av styremedlem vert handsama av kommunestyret. Ved endeleg uttrede eller varig forfall, skal det haldast suppleringsval for resten av perioden.

§8. Styret sitt mynde.

1. Styret leiar føretaket og har mynde til å treffe avgjerd i alle saker som gjeld føretaket og føretaket si verksemd.
2. Styret har ansvar for at verksemda vert drive i samsvar med føretaket sitt formål og vedtekter, kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett, andre vedtak eller retningslinjer fastsett av kommunestyret og i samsvar med lov og forskrifter.
3. Styret har ansvar for at saker som skal handsamast i kommunestyret er tilstrekkeleg førebudd. Styret set i verk kommunestyret sine vedtak.
4. Vedtak om låneopptak krev samtykkje av kommunestyret.

5. Styret skal sjå til at det vert ført lovmessig rekneskap av føretaket for heile føretaket si verksemd slik det er skissert under §4. Revisjon skal utførast av kommunerevisjonen. Kommunen sitt kontrollutval er ansvarleg for føretaket sin revisjon.
6. Styret skal levere sitt framlegg til handlingsprogram, budsjett og økonomiplan etter kommunelova sine reglar til Kinn formannskap som så innstiller til Kinn kommunestyre for endeleg vedtak. I handlingsprogrammet skal det gå fram korleis føretaket skal sørge for fagleg utvikling for dei tilsette. Budsjettet skal vise alle inntekter og utgifter knytt til føretaket si verksemd.
7. Styret tilset dagleg leiar. Styret fastset også løn og andre vilkår for dagleg leiar. Styreleiar forhandlar med dagleg leiar i forkant av slik førehaving i styret.
8. Styret har mynde til å opprette og legge ned stillingar
9. For dei kommunale føretaka gjeld dei til ei kvar tid gjeldande særlover, som kommunelova, tariffavtale, avtaleverk og kommunale retningslinjer.
10. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.
11. Styret har instruksjons- og omgjeringssmynde overfor dagleg leiar.

Vurderingar:

Kinn kommunestyre vel 4 faste medlemmar, 4 varamedlemmar, samt leiar og nestleiar for styret.

For at kravet til kjønnsbalanse i styret skal oppfyllest, må det veljast to kvinnelege og to mannlege representantar både blant dei faste medlemmane og varamedlemmane.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova kapittel 9](#)

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Avtaleval, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Leiar: Bjarne Holme (FrP)

Nestleiar: Gustav Johan Nydal (KrF)

Styremedlem: Karianne Torvanger (AP)

Styremedlem: Siri Sunde (H)

1. varamedlem: Marie Kronen Tveranger (R)

2. varamedlem: Heidi Rønhovde (SV)

3. varamedlem: Tor-Åge Gravdal (AP)

4. varamedlem, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

4. varamedlem: Morten Mortensen (H)

Ved behandling av saka, vart det først kun sett opp og valt tre varamedlemmar. På slutten av møtet vart saka teke opp igjen, og det 4. varamedlemmet vart valt.

Røysting:

Begge framlegg frå gruppeleiarutvalet v/leiar Djuvik samrøystes vedteke.

KOST- 016/26 Vedtak:

Leiar: Bjarne Holme (FrP)

Nestleiar: Gustav Johan Nydal (KrF)

Styremedlem: Karianne Torvanger (AP)

Styremedlem: Siri Sunde (H)

1. varamedlem: Marie Kronen Tveranger (R)
2. varamedlem: Heidi Rønhovde (SV)
3. varamedlem: Tor-Åge Gravdal (AP)
4. varamedlem: Morten Mortensen (H)

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Avtaleval, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Leiar: Bjarne Holme (FrP)

Nestleiar: Gustav Johan Nydal (KrF)

Styremedlem: Karianne Torvanger (AP)

Styremedlem: Siri Sunde (H)

1. varamedlem: Marie Kronen Tveranger (R)
2. varamedlem: Heidi Rønhovde (SV)
3. varamedlem: Tor-Åge Gravdal (AP)


Sak utsett grunna tid.

KOST- 138/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedlegg i saken:

Vedtekter Kinn utdannings- og ressurscenter KF - vedteke 22.01.2020 (K-sak 005/20)



Arkiv: PlanId-20220102 -
Måsholmen -
Håskjera, gbnr. 28/3,
næring og hamn,
PlanNamn-
Måsholmen - Håskjær,
gbnr. 28/3, næring og
hamn, PlanType-35,
FA-L12, GBN-28/3

JournalpostID: 25/57751

Sakshandsamar: Rolf Bjarne Sund

Dato: 29.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/26	Kommunestyret	29.01.2026

Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen - Håskjæra, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102

KOST- 017/26 Vedtak:

Kinn kommune tek rapport frå Asplan Viak til vitande og ynskjer å legge tilrette for at Flateneset vert sett av til å utvikle industrien i Gunhildvågen. Arealet er betydeleg større og vil vere langt rimelegare å utvikle enn Måsholmen. Naturinngrepa vil også vere betydeleg mindre.

1. Kinn kommune vedtek ikkje detaljreguleringsplan for Måsholmen-Håskjæra gbnr. 28/3.

2. Rapport frå Asplan Viak viser til at det er alternative areal på Flateneset som er langt større enn Måsholmen og som vil gje bedriftene i Gunhildvågen nok areal til å utvikle sin aktivitet. Kinn kommune vedtek å starte arbeidet med å frigjere areal på Flateneset til næring.

3 Containerhamn for Florø skal framleis vere kai G på Botnastranda.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. I medhald av pbl §12-12, vedtek av Kinn kommunestyre framlegg til Detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102, med Planomtale, Konsekvensutgreingar og ROS-analyse datert 05.02.2024 og føresegnar sist datert 29.04.2024, når plankart er justert i samsvar med skisse datert 29.04.2024.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde:

Bruløysing/seilingshøgde Nytt pkt.e) Det skal tilretteleggast for at mindre

fritidsbåtar framleis skal kunne gå gjennom Trolleskjærsundet. Bruløysing skal difor ha tilstrekkeleg seglingshøgde til dette formålet, og ivareta sikkerheita både for trafikk og dei sjøfarande.

Saksutgreiing med alle tilhøyrande vedlegg frå KOST 063/24 er vidareført i denne saka, og er såleis formelt underlagsdokumentasjon til dette vedtaket.

Bakgrunn for saka:

Denne saka byggje på sak 063/24, handsama i kommunestyet den 23.05.24. Dette inneberer at saksopplysingar, vedlegg og vurderingar ikkje blir gjenteke i denne saka. Saka som no blir lagt fram svare på det vedtaket som kommunestyret gjorde i sak 063/24.

I sak 063/24 vedtok kommunestyret følgjande:

1. Detaljreguleringsplanen for Måsholmen – Håskjæra, PlanID 20220102, vert utsett for endeleg avgjersle i kommunestyret, til detaljreguleringsplan for Gunhildvågen har fått sitt endelege vedtak. Tiltak på planområdet for Gunhildvågen, PlanId-20220108, er ein føresetnad for arbeid knytt til utviding av området ut i sjø. Endringar som skjer ved ny vegløyning på det eksisterande industriområdet i Gunhildvågen kan gje nye moglegheiter for bedriftene som treng meir areal. Det er viktig å sjå planane i samanheng med dei behov som tiltak er meint å løyse. Ei eventuell utbygging av Måsholmen-Håskjæra kan kun skje etter at infrastruktur på det eksisterande området er lagt til rette.

2. Det er eit uttrykt ynskje at bedriftene i Gunhildvågen skal få rom til å utvikle seg. Kommunestyret ber difor om utgreiing som skal vise korleis ein kan sikre meir industriarealareal i Gunhildvågen. Saka vert ikkje avgrensa til det aktuelle planområdet, PlanId-20220108, men skal også peike på omkringliggande moglegheiter på land, og områder som kan opparbeidast i sjø ved eksisterande fylling. Det vil vere naturleg å vurdere å plassere massar frå utdjuping av innseglinga i dette arbeidet. Arbeidet må også innehalde ei vurdering av om kommunal kai kan utvidast/forlengast.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 063/24 er ei utsetting av realitetshandsaming av slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen – Håskjæra, gbnr 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102. Dette betyr at kommunestyret må gjere vedtak i saka.

Kommunestyret har fire hovudalternativ i den saka som no er lagt fram på nytt:

1. Godkjenne opphaveleg reguleringsplan, frå sak 063/24, den 23.05.24.
2. Be om at planen blir sendt tilbake til Plan og miljøutvalet for ny handsaming. Dette basert på at kommunestyret er positiv til å vurdere ein redusert plan, slik det kjem fram av brev frå Måsholmen utvikling A/S, av 3 nov. 25.
3. Ikkje godkjenne reguleringsplan, frå sak 063/24.
4. Som alternativ 3. Samtidig gjere vedtak om at Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak, om korleis kommunen kan gå vidare med utviding av næringsareal og ny kai på Trolleskjæret, basert på rapport frå Asplan Viak.

Saksopplysningar:Rapport frå Asplan Viak.

Kommunedirektøren leigde inn Asplan Viak for å gjere ei vurdering/oppfølging av punkt 2 i kommunestyret sitt vedtak.

Samandrag frå Asplan Viak sin rapport om alternativareal i Gunhildvågen.


Sitat frå rapport.

Kommunestyret i Kinn handsama 23.mai 2024 detaljreguleringsplan for containerhamn og næringsområde på Måsholmen og vestover til Håskjæra, og valde då å utsetje saka,

for å finne ut om det finst andre løysingar.

Denne rapporten er ei bestilling frå kommunestyret, og inneheld ei analyse og eit grunnlag for å vurdere om det finst andre reelle alternativ til næring-og hamneareal enn det som ligg i Måsholmen-planen.

Fleire alternativ er vurdert, og det er valt å gjere meir omfattande studiar av ei kailokalisering langsetter Trolleskjersundet, med tilhøyrande arealutviding nordaust for dagens lokalisering av industri i Gunhildvågen. Denne lokaliteten har enkeltefordelar samanlikna med planforslaget på Måsholmen, mellom anna er det venta mindre konfliktpotensial med miljøtema. Dei maritime derimot klart best ved Måsholmen/Håskjera.



Innseglingsforholda er den mest avgjerande faktoren mtp. om kommunen kangå vidare med hamne planinne i Gunhildvågen, eller berre konkludere med at Måsholmen er det einaste realistiske alternativet. Rapporten peikar på at nedetida for hamna blir forholdsvis lang på grunn av vindtilhøva, og at kompenserande tiltak vil vere naudsynt.

Næringslivet i byen er utfordra på om den skisserte nedetida for hamna er akseptabel, sidan det sjeldan er tidskritisk last i dagens containerlast. Både vareeigarar og rederi opplevast som fleksible i forhold til å jobbe med løysingar, så lenge det ikkje går på bekostning av behovet for kosteffektivitet.

Det har også vore ein dialog om det er mogleg å etablere ei rimeleg løysing for reservekai (f.eks ved Botnastranda) ved dårlegevêrforhold, men aktørane i Gunhildvågen ser ikkje dette som ei aktuell løysing. Ein reservekaimeddelt operasjon er veldig kostnadsdrivande, og aktørane peikar på at kostnadsnivået med å nytte Botnastranda kai G er for høgt. Det er til slutt næringslivet i Florø som vil måtte betale for høge driftskostnader, ved at det blir høge kostnader på containerfrakt.

På spørsmålet om det finst andre reelle alternativ til Måsholmen-planen, så er Asplan Viak vurdering «Ja –men alternativet er ikkje optimalt»:

Logistikkmessig er Måsholmenabsoluttførstevalet, men det er mogleg–og med mindre potensial formiljøkonfliktar–å etablere ei hamn ved Trolleskjersundet. Ei slik hamn har imidlertid vesentlege ulemper når det gjeld nedetid, forutsigbarhet og driftskostnader over tid.

I rapporten er det vidare gjort greie for kva planprosess som er naudsynt om ein

konkluderer med å gå vidare med å regulere det nye hamne-alternativet.

Arbeidet er gjennomført med utgangspunkt i kjende datakilder, grunnlagsrapportar frå arbeidet med Måsholmen-planen, samt intervju med sentrale industri-og logistikkaktørar i Florø. Det er også gjennomført synfaring i området, og det er gjennomført test med los i navigasjonssimulator.

Nærliggende næringsareal og tilkomst til Måsholmen

Kommunedirektøren har sida vedtaket i kommunestyret hatt tett og jamleg dialog med næringsaktørane i området. Denne dialogen har hatt fleire føremål og tema. Det er brukt mykje tid på å få på plass avtalar for å gjere det mogleg å byggje veg gjennom dagens næringsareal i Gunhildvågen. Dette er viktig både for å utnytte gjeldande areal betre enn i dag, samtidig er det eit krav at det blir vedteke ein plan for,- og bygd veg til Måsholmen, dersom den skal byggjast ut. Det er varsla ein søknad om ei mindre endring av vedteken reguleringsplan for Gunhildvågen. Denne endringa handle om å flytte veg gjennom området, litt lenger nord. Dette for å området skal bli meir funksjonelt. Den endringa det no er søkt om, er ikkje avgjerande for realitetshandsaming av Måsholmenplanen. Grunnen til dette er at veg til Måsholmen, uansett er løyst gjennom den reguleringsplanen for Gunhildvågen som kommunestyret har vedteke.

Moglegheiter for vidare næringsutvikling i Gunhildvågen.

Dialogen med næringsaktørane handle også om grunnlaget for, og behovet for å leggje til rette for næringsaktørane i området. Det er heilt klart at dagens næringsareal er for lite for å gje naudsynt rom for utvikling av dei verksemdene som held til i området.


I samband med vurderinga av reguleringsplanen for Måsholmen, og framtidig næringsutvikling i Gunhildvågen gjorde Menon Economics ei analyse av potensiale for næringsutvikling i området. Analysa er lagt ved saka. Menom peike mellom anna på tre forhold: (ref analysa s. 9, 10 og 11)

1. **Logistikkforholda** for bedriftene som er i Gunhildvågen vil få ein meir effektiv logistikk ved etablering av kai og logistikkområde på Måsholmen.
2. **Økt næringsaktivitet/ekspansjon.** Dagens næringsareal gjer ikkje rom for utviding av aktiviteten i særleg grad. Måsholmen vil gje bedriftene moglegheit for utvikling som følgjer av den potensielle veksten innanfor næringane.
3. **Miljø og bærekraft.** Analysa vise døme på moglegheit for bruk av biprodukt (sirkulærøkonomi). I praksis vil kan dette føre til at Cargill kan nytte biprodukt i sin frå Global Fish. Slik aktivitet krev meir areal.

Asplan Viak sin rapport tek føre seg behovet for kai og næringsareal frå side 8 og utover. Mellom anna er det vist i rapporten at containerverksamda vil auke vesentleg. Frå mellom 6000 – 9000 handteringar i dag, til opp mot 15000 handteringar i løpet av kort tid. Dette skuldast mellom anna etablering av ei ny produksjonslinje på Cargill.

Realisering av næringsareal på Måsholmen

Det er Måsholmen utvikling A/S som er søkjar om reguleringsplanen. I forkant av at saka no blir teke opp i kommunestyret på nytt, har administrasjonen vore i dialog med søkjar. Det har mellom anna vore presentert, og diskutert ei redusert utbygging av planområdet. Måsholmen Utvikling A/S har i brev av 3 nov. 25. stadfesta at dei ikkje trekke ophaveleg søknad om reguleringsplan. I same brevet har dei vist ei mogleg redusert utbygging av kai og næringsareal på Måsholmen. Skissa nedanfor vise ei mogleg redusert utbygging. Vedlagt brev frå Måsholmen Utvikling A/S omtale dette meir detaljert.



Figur 1: Skisse viser ei redusert fylling i området vest for Måsholmen.

Administrasjonen har også utfordra Måsholmen utvikling A/S om å utarbeide eit overordna konsept for gjennomføring og drift av næringsområde og kai. Dette dokumentet er lagt ved saka, og har tittelen «Forretningsplan med økonomibeskrivelse».

Det er viktig å merke seg at i forretningsplanen frå Måsholmen utvikling a/s, så er det som er omtalt som «full utbygging – fase 2» knytt til figuren overfor, og ikkje den opphavlege reguleringsplanen, som har eit enda større areal (om lag 26 mål).

Elles visast det til vedlagt forretningsplan for opplysningar om kostandar og finansiering av investeringa. Den inneheld også førebelse estimat på driftsøkonomi.

Vurderingar:

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen er vedteke etter at reguleringsplanen sist var til handsaming. Difor er det no naturleg å gjere ei vurdering av planen opp mot samfunnsdelen.

Ein slik reguleringsplan som dette inneberer målkonflikt. På den eine sida har vi mål om å ta i vare natur og vere «arealnøytrale». På den andre sida skal vi legge til rette for næringsutvikling som sikrar lokal verdiskaping, omstilling innan for næringslivet og sirkulære verdikjeder. I våre arealstrategiar heite det mellom anna:

Av omsyn til klima og naturmangfald er målet arealnøytralitet. Vi skal føre eit arealrekneskap, gjenbruke bygg og næringsareal og tilbakeføre ubrukt areal til natur.

Prinsippet om arealnøytralitet kan avvikast for næringsområde der det kan dokumenterast at slik arealbruk sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingsdyktigheit. Vi tek ansvar for naturen gjennom arealnøytralitet så langt som mogleg, og tek m.a vare på matjorda vår.

I denne saka vil det vere unntaket for næringsområde som gjer at samfunnsdelen kan nyttast som argument for å vedta planen.

I samfunnsdelen er det også vedteke prosesskrav. Nedanfor er dei lista opp, med ei konkret vurdering knytt til denne planen.

- tidleg innbyggarmedverknad

Det har ikkje vore gjennomført slik medverknad, utover lovkrav i denne planen. Likevel er kravet på ein måte oppfylt med det store engasjementet som har vore, og kommunestyret si utsetting av handsaminga av planen. Det har medført stor merksam

kring planen, der dei dei negative sidene har kome godt fram.

- Naturverdivurderingar

Dette er gjennomført som ein lovpålagd del av planprosessen. Det arbeidet som er gjort er akseptert av mellom anna statsforvalter.

- omstilling til lågutsleppssamfunn

Både før og etter kommunestyret si første handsaming av planen har dette vore tema. Mellom anna via dei vurderingane som er gjort for transport gjennom Florø by. Vidare er dette dokumentert ha positiv verknad mellom anna i Menon si analyse. Meir konsentrerte og effektive logistikkopprasjonar vil også bidra til dette.

- konsekvensar for arbeidsmarknaden (m.a. tilgang på arbeidskraft og kompetanse, direkte og indirekte arbeidsplassar)

Det er opplagt at ei moglegheit for utviding av næringsareal i området vil ha positiv verknad for utvikling av arbeidsmarknaden i kommunen. Dei verksemdene som ligg i området rekrutterer arbeidskraft frå kommunen som har riktig kompetanse. Denne kompetansen speile kompetansesituasjonen i Florø. Vidare er det mange bedrifter i regionen som leverer tenester til verksemdene i området.

- sirkulære verdikjeder

Planen vil heilt opplagt vere med å leggje til rette for sirkulære verdikjeder. Mellom anna dømet det er vist til i saksutgreiinga om at det kan vere mogleg å nytte restråstoff frå pelagisk fisk, inn i produksjon av fiskefor.

- lokal verdiskaping

Det er lokale investorar som stå bak Måsholmen utvikling A/S. Riktig nok er det internasjonale eigarar av den største verksemda. Slik sitsen er no, vil det vere lokale eigarar som investerer og tilbyr service til ein stor global aktør, i tillegg til mellomstore aktører på nasjonalt nivå.

- Energivurdering

Noko av verksemdene krev ein del energi. Pr. no er det tilstrekkeleg med energi i området. Likevel er det riktig å peike på at dette må betrast, med ein utviding av verksemdene i området. Dette er mogleg å løyse pga, ny framføring til Florø frå Magnhildskaret. Det ligg konkrete planar for vidareføring av kraft herfrå til Gunhildvågen.

- finansieringsevne

Skissa til forretningsplan som er lagt ved saksutgreiinga (som er krevd utarbeid, med bakgrunn i desse prosesskrava) vise at det er realisme i å finansiere prosjektet. Vidare vise forretningsplanen at det er grunnlag for ei drift som kan gje prosjektet ein berekraftig driftsøkonomi.

Vurdering av moglegheitsstudiet

Det er gjennomført eit moglegheitsstudie som svare på kommunestyret bestilling jf. punkt 2, i kommunestyret sitt vedtak i sak 063/24. Studien vise at det er mogleg å utvide næringsareal i Gunhildvågen, utan å ta i bruk Måsholmen. Asplan Via kopsummerer dette slik:

På spørsmålet om det finst andre reelle alternativ til Måsholmen-planen, så er Asplan Viak vurdering«Ja –men alternativet er ikkje optimalt»:

Det største ankepunktet Asplan Viak peike på er regulariteten på ein ny kai på

Trolleskjæret. Denne vil vere redusert, særleg på vinterhalvåret.

Asplan Viak har peika på at det er mogleg å utvikle areal nord for dagens næringsareal i Gunhildvågen. Asplan Viak har ikkje lagt vesentleg vekt på om grunneigar i det aktuelle området er klar for ei slik utvikling. Gjennom ein omfattande prosess det siste året, er det heilt klart at ei slik utvikling ikkje er avklart med grunneigar. Dette er ein tilleggsdimensjon som må vurderast når alternativ for utvikling av næringsareal skal vurderast.

Alternativ for kommunestyret si handsaming

Kommunestyret si handsaming av reguleringsplan for Måsholmen – Håskjæra , i sak 063/24, den 23.05.24 førte til ei utsetting av saka. Dette inneberer at kommunestyret har fire val når planen skal handsamast på nytt.

1. Kommunestyret godkjenne planen slik den ligg føre i sak 063/24.

Dette betyr at reguleringsplanen slik den vart opphavleg fremja, blir godkjent, og kan nyttast som utgangspunkt for utbygging av Måsholmen – Håskjæra. Det vil ikkje vere naudsynt med nye utgreiingar eller høyringar. Vedtaket vil vere gyldig frå og med vedtaksdato.

2. Kommunestyret vedtek å sende planen tilbake til Plan og miljøutvalet for ny handsaming. Dette basert på at kommunestyret er positiv til å vurdere ein redusert plan, slik det kjem fram av brev frå Måsholmen utvikling A/S, av 3 nov. 2025. Det vil vere naudsynt med mindre oppdateringar av plankart, konsekvensutgreiingar og massehandsamingsplan. Planområdet vil ikkje bli endra. Det vil evt. bli justert, slik at delar av området som i opphavsplan er regulert til kai og næringsareal blir gjort om til område for utdyping. Noko som vil ha tilnærma null endra konsekvens for naturverdiar, men det vil gje redusert/endra verknad for landskapet. Ein redusert plan vil medføre ein vesentleg endring av massehandteringsplan. Der massebehovet for realisering blir redusert.

Kommunestyret kan sjølvstendig også legge andre føringar for planarbeidet, dersom den blir sendt tilbake til Plan og miljøutvalet.

Det er usikkert om ein slik endra/reduert plan må ut på ny høyring, før den på nytt leggjast fram for kommunestyret til slutthandsaming. Denne vurderinga vil vere ein del av sakshandsaminga i Plan og miljøutvalet.

3. Kommunestyret godkjenne ikkje planen, frå sak 063/24

Dette betyr at planen blir avvist, og saka er avslutta. Kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy, som er sett av området til næring/kai, blir ikkje endra. Det vil vere mogleg å fremje ny reguleringsplan, i samsvar med overordna plan.

4. Ikkje godkjenne plan, frå sak 063/24, og samtidig be om at det blir starta opp planarbeid for å realisere innhaldet i Asplan Viak sin studie. Arealbruk i moglegheitsstudiet er stort sett ikkje i samsvar med gjeldande kommunedelplan. Dette betyr at kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy må oppdaterast, i samsvar med ynskja arealutvikling. Det må også lagast reguleringsplan for det same området. Dette er eit arbeid som vil ta fleire år, og som vil medføre nye kostnader til planlegging. Dette betyr også planlegging inn på området til grunneigar som ikkje slik bruk av arealet.

Oppsummering av kommunedirektøren sine vurderingar

Kommunedirektøren er heilt klar på at det er naudsynt å leggje til rette for utvikling av næringsområda i Gunhildvågen. Dei verksemdene som er lokalisert her, er avgjerande viktig for lokal verdiskaping. Næringsanalysane for Kinn vise at det er to store område som syter for den lokale verdiskapinga. Det er oljeverksemd på basen i Florø og maritim/marin verksemd med fiske/fiskeforedling, akvakultur med service for akvakultur og skipsverft. Handel service, byggebransje mm er heilt avhengig av desse næringane for å ha tilstrekkeleg med aktivitet og verdiskaping. I denne samanhengen er utviklinga i Gunhildvågen/Måsholmen heilt avgjerande.

Kommunedirektøren tilrådde detaljreguleringsplanen for Måsholmen – Håskjæra sist den var til handsaming. Dette i fyrste rekke basert på vurderingar gjort i kommunedelplan for Florelandet - Brandsøy. Her er dei aktuelle området sett av til næring /kai. Bakgrunnen er knytt til behovet for behov for å utvikle næringsarealet i området. I tillegg er det viktig å få på plass ei kailøysing, som har tilstrekkeleg kapasitet og som sikrar god logistikk for aktuelle næringsaktørar. Ei slik kai må ha tilstrekkeleg god regularitet. Analysane som ligg ved sak 063/24 vise at kailøysingar Måsholmen – Håskjæra vil stette desse krava.

Dei allere fleste conteinarane som handterast, og som vil bli handtert i framtida i Florø, blir generert i Gunhildvågområdet. Basert på dei analysane som er utført den siste tida, er det god grunn til å leggje til grunn at conteinartrafikken vil auke utover det som låg til grunn når sak 063/var til handsaming. Altså ei forsterking av argumenta for å få på plass ei konteinarhavn i Gunhildvågen, som har god regularitet.

Måsholmen utvikling A/S er søkjar på reguleringsplan for Måsholmen - Håskjæra. Dei er tydlege i sitt brev av 3. nov 2025 at dei ynskje at den opphavlege planen blir vedteke. Vidare seier dei at dei kan vurdere ein redusert utbygging. Dette vil dei helst gjere innanfor den opphavlege planen. Då dette vil gje dei naudsynt handlingsrom. Det vil også vere mogleg å redusere omfanget på planen, slik Måsholmen utvikling a/S har vist i sitt brev. Hovudargument for å endre planen, slik at den reduserer potensialet for utbygging, vil vere todelt:

1. Det vil redusere dei negativt verknadane noko.
2. Realismen for gjennomføring av planen blir meir føreseieleg, gjennom at behovet for å tilføre stein blir vesentleg redusert, og kjem ned på eit nivå som det er realistisk å skaffe innanfor eit relativt kort tidsrom. Utbyggingskostnadane vil også bli vesentleg redusert.

Den vedlagte forretningsplanen vise storleik på,- og finansiering av investering. Vidare vise den ei skisse til driftsopplegg. Dette er ei førebels skisse som er utarbeid for å vise om det er realistisk å gjennomføre eit prosjekt, basert på reguleringsplanen. Kommunedirektøren meine denne skissa, sjølv om den er grov og førebels, vise det kan vere realistisk å få planen realisert. Det er viktig å merke seg at det er ein redusert utgåve av planen som er vurdert i forretningsplanen. Denne reduserte versjonen gjer «dobbel verknad». I og med at det blir mindre areal å fylle, samt at ein kan nytte stein frå den delen av reguleringsplanen som ikkje blir kai/næringsareal til fylling av resten av arealet. Ein gjennomføringsplan var noko som var etterspurt ved førre handsaming av planen.

Kommunedirektøren står fast i si tilråding om at reguleringsplanen frå sak 063/24 bør vedtakast. Likevel er det grunn til å peike på argumentet om at ein redusert plan, som vil mindre behov for stein, og som er billigare å realisere, langt på veg vil gje dei same positive verknadane for næringsutvikling i området. Ein redusert plan vil også redusere landskapsverknadane av planen, noko.

Kommunedirektøren meiner at alternativ med å ikkje vedta ein reguleringsplan for Måsholmen – Håskjæra vil vere svært negativt for viktig næringsutviklinga i Florø og Kinn. Det er vist at det kan vere mogleg å utarbeide ein plan som legg til rette for ny kai på Trolleskjæret, med tilhørande næringsareal. Dette vil i tilfelle bli ei kai med dårlegare

regularitet. Planarbeidet vil ta fleire år, og koste fleire millionar. I tillegg vil dette alternativet i all hovudsak gå inn på eit areal, til ein privat grunneigar, som ved gjenteke høve er veldig tydeleg på at det ikkje er ynskeleg med ei slik utvikling.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Alternativt framlegg til industrialeal på Måsholmen, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti

Kinn kommune tek rapport frå Asplan Viak til vitande og ynskjer å legge tilrette for at Flateneset vert sett av til å utvikle industrien i Gunhildvågen. Arealet er betydeleg større og vil vere langt rimelegare å utvikle enn Måsholmen. Naturinngrepa vil også vere betydeleg mindre.

1. Kinn kommune vedtek ikkje detaljreguleringsplan for Måsholmen-Håskjæra gnr. 28/3.

2. Rapport frå Asplan Viak viser til at det er alternative areal på Flateneset som er langt større enn Måsholmen og som vil gje bedriftene i Gunhildvågen nok areal til å utvikle sin aktivitet. Kinn kommune vedtek å starte arbeidet med å frigjere areal på Flateneset til næring.

3 Containerhamn for Florø skal framleis vere kai G på Botnastranda.

Framlegg frå V, Raudt, AP, SV, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti

Kinn kommune tek rapport frå Asplan Viak til vitande og ynskjer å legge tilrette for at Flateneset vert sett av til å utvikle industrien i Gunhildvågen. Arealet er betydeleg større og vil vere langt rimelegare å utvikle enn Måsholmen. Naturinngrepa vil også vere betydeleg mindre.

1. Kinn kommune vedtek ikkje detaljreguleringsplan for Måsholmen-Håskjæra gnr. 28/3.

2. Rapport frå Asplan Viak viser til at det er alternative areal på Flateneset som er langt større enn Måsholmen og som vil gje bedriftene i Gunhildvågen nok areal til å utvikle sin aktivitet. Kinn kommune vedtek å starte arbeidet med å frigjere areal på Flateneset til næring.

3 Containerhamn for Florø skal framleis vere kai G på Botnastranda.

Framlegg frå SV, V, Raudt, AP og Aud Norunn Vig, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti

Kinn kommune tek rapport frå Asplan Viak til vitande og ynskjer å legge tilrette for at Flateneset vert sett av til å utvikle industrien i Gunhildvågen. Arealet er betydeleg større og vil vere langt rimelegare å utvikle enn Måsholmen. Naturinngrepa vil også vere betydeleg mindre.

1. Kinn kommune vedtek ikkje detaljreguleringsplan for Måsholmen-Håskjæra gnr. 28/3.

2. Rapport frå Asplan Viak viser til at det er alternative areal på Flateneset som er langt større enn Måsholmen og som vil gje bedriftene i Gunhildvågen nok areal til å utvikle sin aktivitet. Kinn kommune vedtek å starte arbeidet med å frigjere areal på Flateneset til næring.

3 Containerhamn for Florø skal framleis vere kai G på Botnastranda.

Repr. Brunsvik (FrP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han har begynt å jobbe i kommunen, han begynte 12. januar i byggesaksavdelinga, men har ikkje teke del i saka.

Repr. Nydal (KrF) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er styreleiar i iVest consult, som har hatt oppdrag for kommunen.

Repr. Vågane (H) ønskjer sin habilitet vurdert, då ho er styreleiar for Florø Hamn KF.

Kommunedirektøren vurderer:

Repr. Brunsvik er arbeider innan byggesak. Har ikkje vore med å tilrettelagt saka eller har ei ledande rolle.

Repr. Nydal er styreleiar i eit selskap som har levert ein fagleg rapport, Nydal har ikkje delteke i arbeidet.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at Vågane er inhabil til å delta i behandling av Detaljreguleringsplan for Måsholmen og Håskjæra etter § 6.1 FVL. Repr. Vågane har heller ikkje økonomiske eller praktiske ulemper eller fordeler for eit bestemt utfall av saka. Ut frå den informasjon som ligg føre kan ikkje kommunedirektøren sjå at repr. Vågane er inhabil etter §6.1 eller §6.2. Likevel er det etter § 8.2 FVL det kollektive organ (Plan og miljøutvalet, kommunestyret m.v.) som sjølv skal ta stilling til representantane sin habilitet. Dette gjeld også dei skjønsmessige tilhøve etter § 6.2 FVL og det opptil organet sjølv å vurdere dette.

Kommunedirektøren vurderer alle tre habile til å delta i behandlinga. Organet sjølv skal fatte vedtaket.

Røysting over habilitet:

Repr. Brunsvik samrøystes erklært habil.

Repr. Vågane erklært habil mot 12 røyster (3 V, 4 Raudt, 2 SV, 3 UAH).

Repr. Nydal erklært habil mot 11 røyster (3 V, 4 Raudt, 2 SV, 2 UAH v/Teige og Hagen).

Røysting:

Fellesframlegg frå Venstre, Raudt, AP, SV og repr. Vig (KrF) sendt inn av repr. Teigen, vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg og vart vedteke med 21 røyster (8 AP, 4 Raudt, 3 V, 2 SV, 1 KrF v/Vig, 1 H v/Sunde, 2 UAH v/Teige og Hagen).

KOST- 017/26 Vedtak:

Kinn kommune tek rapport frå Asplan Viak til vitande og ynskjer å legge tilrette for at Flateneset vert sett av til å utvikle industrien i Gunhildvågen. Arealet er betydeleg større og vil vere langt rimelegare å utvikle enn Måsholmen. Naturinngrepa vil også vere betydeleg mindre.

1. Kinn kommune vedtek ikkje detaljreguleringsplan for Måsholmen-Håskjæra gnnr. 28/3.

2. Rapport frå Asplan Viak viser til at det er alternative areal på Flateneset som er langt større enn Måsholmen og som vil gje bedriftene i Gunhildvågen nok areal til å utvikle sin aktivitet. Kinn kommune vedtek å starte arbeidet med å frigjere areal på Flateneset til næring.

3 Containerhamn for Florø skal framleis vere kai G på Botnastranda.

Vedlegg i saken:

Presentasjon frå Global Florø as

Presentasjon frå NCL

Illustrasjon mogleg redusert utbygging Måsholmen

Sluttbehandling - Detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102

Innkomne merknadar høyring_PlanID 20220102_Måsholmen-Håskjera

20220102_Føresegner_Måsholmen_REV2_2024-04-29_etter høyring

2022052_A0_Plankart_Måsholmen_Skisse etter høyring_29-04-2024

20220102_A0_Plankart_Måsholmen_20240205_REV1

20220102_PLANOMTALE_RP Måsholmen_Rev1_20240205

Avklaring DNV befarung ålegras Måsholmen 2023

Presentasjon Folkemøte_2024-04-29_Måsholmen-Håskjera

Notat - Bruløysing Måsholmen

Forretningsplan Og Økonomimodell – Måsholmen Næringsområde 14 01 2026

Notat - analyse av muligheter og utfordringer Måsholmen

Vurdering - Redusert utbygging ved Måsholmen_20251103

V2_2022052 ROS_Måsholmen_20231220

V3_10250568-01-RIG-RAP-001 Geoteknisk Datarapport

V4_10250568-01-RIG-NOT-001_rev01 Innledende geotekniske vurderinger

V5_10250568-01-RIGM-RAP-001 Datarapport miljø

V6_10250568-02-RIA-RAP-001 Måsholmen Florø - støyutredning

V7_10250568-03-RIMT-NOT-001_Rev01 Bølger og overskylling Måsholmen

V8_10250568-04-RIT-NOT-001 - Trafikkanalyse Måsholmen

V9_Konsekvensutredning Landskap_Nynorsk

V10_Konsekvensutredning friluftsliv 19.12.23

V11_Konsekvensutredning naturmangfold_revidert (1)

V12_Måsholmen - Håskjera Konsekvensutredning marin del Rev 0

V13_Måsholmen - Håskjera tilleggsutredninger gruntvann og strøm Rev. 1

2022052 Massehandteringsplan 22.04.24_

Fiskeridirektoratets svar på forslag til løsning for å imøtekomme Fiskeridirektoratet sin innsigelse - Detaljregulering for Måsholmen-Håskjera

Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Måsholmen - Håskjera, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102

Menon publisasjon 682024 - analyse av næringslivet i Kinn kommune april 2024


Notat - analyse av muligheter og utfordringer Måsholmen

Presentasjon Ringverknadar Måsholmen - Håskjera 170424 FINAL (2)

Svar på spørsmål angående detaljregulering for Måsholmen - Håskjær, gbnr 28/3, næring og hamn

Rapport - Næringsareal og hamneforhold i Gunhildvågen og Florø 29.04.2025

Presentasjon av ferdig rapport for plan og Miljøutvalet 29.04.2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
016/26	Formannskapet	19.01.2026
018/26	Kommunestyret	29.01.2026

Flaggreglement for Kinn kommune

KOST- 018/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek «*Flaggreglement for Kinn kommune*» slik det ligg føre i saka.
2. Flaggreglementet trer i kraft frå vedtaksdato.
3. Stryke kulepunkt 2 i punkt 10.
4. «Florø» skal først inn under punkt om flagging 16. mai i forbindelse med grunnlegging av Florø by.
5. Punkt 8 Internasjonale støttemarkeringer: Erstatte Ukraina med "Dette kan til dømes omfatte bruk av flagg som symboliserer støtte og solidaritet til land som er råka av krig og konflikt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 19.01.2026

1. Kommunestyret vedtek «*Flaggreglement for Kinn kommune*» slik det ligg føre i saka.
2. Flaggreglementet trer i kraft frå vedtaksdato.
3. Stryke kulepunkt 2 i punkt 10.
4. «Florø» skal først inn under punkt om flagging 16. mai i forbindelse med grunnlegging av Florø by.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek «*Flaggreglement for Kinn kommune*» slik det ligg føre i saka.
2. Flaggreglementet trer i kraft frå vedtaksdato.

Bakgrunn for saka:

Flaggreglementet skal sikre ei verdig, samordna og korrekt bruk av flagg ved kommunale bygg og anlegg i Kinn kommune, i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og god flaggskikk.

Kinn kommune har per i dag ikkje eit samla og formelt vedteke flaggreglement som regulerer flagging ved kommunale bygg og eigedomar. Praksis har i hovudsak vore basert på tradisjon, lokale rutinar og statlege flaggdagar. Vågsøy hadde vedtekne flaggrutinar og desse er vidareført i Kinn fram til denne sak.

Eit felles flaggreglement vil bidra til:

- einsarta og føreseieleg praksis for flagging

- verdig og korrekt bruk av flagg
- klar ansvarsdeling mellom kommunen sine einingar
- betre etterleving av nasjonale retningslinjer og god flaggskikk

Saksopplysningar:

Flagg er eit viktig symbol for nasjonal identitet, fellesskap og offentleg markering. Kommunen nyttar flagging både ved offisielle høgtidsdagar, markeringar og i samband med sorg og minne.

Det framlagde flaggreglementet tek utgangspunkt i:

- gjeldande statlege retningslinjer for flagging
- vanleg kommunal praksis
- behovet for fleksibilitet ved lokale arrangement og særlege høve

Reglementet regulerer mellom anna:

- kva flagg som kan nyttast
- kva dagar det skal flaggast
- reglar for flagging på halv stong
- tidsrom for flagging
- ansvar og mynde til å gjere unntak

Samisk flaggdag er teke inn som fast flaggdag, i tråd med nasjonale føringar og kommunen sitt ansvar for å synleggjere samisk kultur og rettar.

Kommunedirektøren vert gitt mynde til å gjere unntak frå reglementet ved særlege høve, noko som sikrar naudsynt handlefridom utan at hovudprinsippa vert svekka.

Vurderingar:

Eit vedteke flaggreglement vil styrkje kommunen si offentlege framtoning og sikre ei verdig og ryddig praksis for flagging ved kommunale bygg. Kommunedirektøren rår difor til at kommunestyret vedtek framlagt flaggreglement.

Økonomiske konsekvensar:

Vedtak om flaggreglement har ikkje vesentlege økonomiske konsekvensar.

Reglementet vert gjennomført innanfor eksisterande drift og ansvar ved dei kommunale einingane. For tida er praktiske gjennomføring av flagging lagt til kommunen sine driftsteknikere.

Administrativt vil reglementet kunne føre til enklare handtering av flagging og redusert behov for ad hoc-vurderingar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om flagging på kommunale bygninger <https://lovdata.no/lov/2021-06-04-56>

Kommunal- og distriktsdepartementet om Flagging i kommunar og fylkeskommunar: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/flagging-i-kommuner-og-fylkeskommuner/id3108884/>

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Endringsforslag til punkt 8 og 13, Flaggreglement for Kinn Kommune, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Raudt

Endringsforslag til punkt 8. og 13, Flaggrelement for

Punkt 8 Internasjonale støttemarkeringer: Erstatte Ukraina med "Dette kan til dømes omfatte bruk av flagg som symboliserer støtte og solidaritet til land som er råka av krig og konflikt.

Punkt 13, avsnitt 2 :Avgjerder av prinsippiell eller politisk karakter skal leggst fram for Kommunestyret.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

Endringsframlegg frå Raudt v/repr. Tveranger til punkt 8 samrøystes vedteke.

Endringsframlegg frå Raudt v/repr. Tveranger til punkt 13 falt med 14 røyster (8 AP, 4 Raudt, 2 KrF).

KOST- 018/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek «*Flaggreglement for Kinn kommune*» slik det ligg føre i saka.
2. Flaggreglementet trer i kraft frå vedtaksdato.
3. Stryke kulepunkt 2 i punkt 10.
4. «Florø» skal først inn under punkt om flagging 16. mai i forbindelse med grunnlegging av Florø by.
5. Punkt 8 Internasjonale støttemarkeringer: Erstatte Ukraina med "Dette kan til dømes omfatte bruk av flagg som symboliserer støtte og solidaritet til land som er råka av krig og konflikt.

Behandling i Formannskapet 19.01.2026:

Endring:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Stryke kulepunkt 2 i punkt 10.

Ordførar kommenterer at det skal stå "Florø" under flagging 16. mai, det må rettast opp.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth samrøystes vedteke.

FORM- 016/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek «*Flaggreglement for Kinn kommune*» slik det ligg føre i saka.
2. Flaggreglementet trer i kraft frå vedtaksdato.
3. Stryke kulepunkt 2 i punkt 10.
4. «Florø» skal først inn under punkt om flagging 16. mai i forbindelse med grunnlegging av Florø by.

Vedlegg i saken:

Flaggreglement



Saksnr.	Utval	Møtedato
015/26	Formannskapet	19.01.2026
019/26	Kommunestyret	29.01.2026

Vidare framdrift fv 617 Kapellneset - Raudeberg

KOST- 019/26 Vedtak:

Kinn kommune krev at Vestland fylkeskommune set i verk punktutbetring av strekninga fv. 617 Kapellneset – Raudeberg. Tiltaket må realiserast så raskt som mogleg for å sikre framcomelegheit og sikkerheit på strekninga.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 19.01.2026

Kinn kommune krev at Vestland fylkeskommune set i verk punktutbetring av strekninga fv. 617 Kapellneset – Raudeberg. Tiltaket må realiserast så raskt som mogleg for å sikre framcomelegheit og sikkerheit på strekninga.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune krev at Vestland fylkeskommune set i verk punktutbetring av strekninga fv. 617 Kapellneset – Raudeberg. Tiltaket må realiserast så raskt som mogleg for å sikre framcomelegheit og sikkerheit på strekninga.

Bakgrunn for saka:

Dei siste åra har det vore arbeidd med moglege løysingar for utbetring av fv. 617 Kapellneset – Raudeberg. Det har vore mange møte mellom kommunen og fylkeskommunen, og også med næringslivet, næringssselskap og lokale pådrivarar. Strekninga er omtalt i gjeldande Regional transportplan i Vestland fylkeskommune (RTP 2022, rullert 2024).

Prosjektet er på lista over potensielle anlegg som er aktuelle for samfinansiering i perioden 2023-2026. I 2022 vart det gjort eit estimat på strekninga. Denne viste ein kostnad på 100 mill. kr. i 2022-kroner. I RTP investeringsprogram frå 2024 er prosjektet omtalt med kostnadsramme 150-300 mill kr.

Vegen er svært viktig for utviklinga av Nord-Vågsøy, har høg ÅDT og er i særskildt dårleg forfatning. Strekninga Kapellneset – Raudeberg er på 1,7 km. ÅDT (årsdøgnetrafikk) på strekninga er målt til ca 2300, med 9 % tunge køyretøy.

I mai 2025 vedtok formannskapet i Kinn kommune følgjande i sak 058/25:

1. Kinn kommune ber Vestland fylkeskommune greie ut nærmare samfinansiering og løyve nødvendig midlar til utbetring av FV617 Raudeberg-Kapellneset som skissert i framlagt forprosjekt.
2. Kinn kommune ber Vestland fylkeskommune vurdere kostnadsreduksjonar og fråvik

- frå vegnormal for å få ein realistisk finansieringsplan og hensiktsmessig veganlegg.*
- 3. Kinn kommune vil justere og sette av midlar til samfinansiering gjennom løyving til VA-anlegg.*
- 4. Kinn kommune ønskjer å samarbeide med Vestland fylkeskommune og næringslivet om realisering av prosjektet.*

I september 2025 vart forprosjekt for fv. 617 Kapellneset – Raudeberg politisk handsama i hovudutval for samferdsle og mobilitet i fylkeskommunen (SAMO). Vedtak:

- 1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet er positive til samfinansiering med Kinn kommune om vegutbetring av Fv. 617 Kapellneset – Raudeberg. Hovudutvalet vil samstundes understreke at dette må vere reell samfinansiering med forplikting knytt til bidrag ut over kommunal løyving til VA-anlegg. Hovudutvalet for samferdsel og mobilitet ber om at kommunen klargjer kva dei eventuelt kan bidra med, knytt til kva standard dei krev. Ein ber også om at kommunen vurderer om anlegget eventuelt kan vere aktuelt for bompengefinansiering.*
- 2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til at Kinn kommune ber om at det vert gjennomført kostnadsreducerande tiltak. Hovudutvalet peiker på at vegbreidda allereie er lagt på eit minimum for tofeltsveg. Fortausbreidda er også lagt på eit minimum ut frå mellom anna krav om universell utforming.*
- 3. Ut frå dagens økonomiske rammer for fylkeskommunen finn hovudutvalet det ikkje realistisk å finansiere noko anna enn punktutbetringar på kort sikt. Vurdering av finansiering av punktutbetringane vil bli handsama i samband med budsjettprosessen.*

I realiteten har fylkeskommunen sagt nei til full utbetring av prosjektet via ordinær fylkeskommunal løyving. Alternativa er då å be om igangsetjing av bompengeprosjekt eller punktutbetring.

I etterkant av dette har Kinn kommune vore i dialog med Vestland fylkeskommune for å sjå på moglegheita for bompengefinansiering, seinast i møte 18.12.2025. Referat frå møtet vedlagt, saman med VLFK sin presentasjon i møtet.

Saksopplysningar:

I det nemnde møtet i desember presenterte Vestland fylkeskommune bompengeprosessen med fokus på bompengesøknad, prosess opp mot staten, grove berekningar for bompengepotensiale og framlegg til kommunalt vedtak. Det er ikkje starta regulering på strekninga. Det er eit krav med godkjent reguleringsplan for å fremje bompengesøknad.

I vedtaket i mai bad Kinn kommune om at det vert gjennomført kostnadsreducerande tiltak. I vedtaket i SAMO i september peika hovudutvalet på at det vil vere krevjande å gjere kostnadsreducerande tiltak på strekninga, då vegbreidda allereie er lagt på eit minimum for tofeltsveg.

Det er ikkje lagt inn midlar til strekninga i budsjett og økonomiplan 2026-2029 for Vestland fylkeskommune.

I forprosjektet er det sett på to alternativ for utbetring av strekninga: Punktutbetring (kostnad 5-7 mill. kr inkl. mva.) og gjennomgåande utbetring (kostnad: 135-235 mill. kr inkl. mva.). Sidan prosjektet er i tidleg planfase, og ikkje har detaljprosjekttert løysingane, er det i følgje fylkeskommunen knytt stor usikkerheit til omfang og gjennomføring av prosjektet. Det er dermed også stor usikkerheit knytt til kostnader ved ei gjennomgåande utbetring.

Eit grovt rekneeksempel frå fylkeskommunen viser at eit bompengeprosjekt på strekninga kan dekkje ein tenkt investeringsramme på 170 - 270 mill. kr. med finansieringsbidrag. Bompengebidraget vil då vere 120 - 200 mill. kr. Det er lagt inn 10 % fylkeskommunal eigenandel. Grundigare berekningar frå fylkeskommunen vil komme i

eit eventuelt fagleg grunnlag.

Nytteprinsippet seier at dei som betaler skal ha nytte av prosjekta bompengane finansierer. På same måte må dei som har nytte av prosjekta vere med på å betale.

Fylkeskommunen har i si berekning av takst og inntekter kome fram til to alternativ for takst, med ein gjennomsnittstakst der det er teke omsyn til takstar, fritak og samansetjing av køyretøy:

	Alternativ 1	Alternativ 2
Gjennomsnittstakst	20	30
Takstgruppe 1 - fossil	27	41
Takstgruppe 1 - el	19	29
Takstgruppe 2 - fossil	54	82
Andel el-biler	30 %	30 %
Andel takstgruppe 2	8 %	8 %

Det trengs i følgje fylkeskommunen meir detaljerte undersøkingar for å anslå trafikkvolum, trafikksamansetjing og gjennomsnittstakst.

Ved punktutbetring vil kurva ved Kapellneset blir utbetra, og det blir etablert fleire møteplassar i tillegg til å utvide eksisterande. Eit eksempel på velfungerande punktutbetring er utbetringa som blei gjort på FV 5715 Måløy – Holvik i 2023. Veggen har ÅDT ca 1400. Her har framkomelegheita blitt merkbar betre.

Vurderingar:

Bompengefinansiering er meint for å finansiere prosjekt som elles ikkje har finansiering. Eit initiativ om bompengefinansiering må kome frå Kinn kommune, der ein ber om at det vert sett i gong eit arbeid med fagleg grunnlag for bompengefinansiering.

Dersom Kinn kommune ber fylkeskommunen om å starte utgreiing av ein bompengepakke for fv. 617 Kapellneset – Raudeberg, vil følgjande bli vurdert:

- Antekne utbyggingskostnader
- Utbyggingstidspunkt
- Antekne offentlege midlar
- Trafikkgrunnlag
- Bomstasjonsplassering
- Forslag til takst- og rabattsystem
- Rentekostnader
- Antekne innkrevingskostnader

Det har tidlegare vore vurdert eit samfinansieringsprosjekt mellom fylkeskommunen, private, kommunen (VA) og kabeletatar. Næringslivet måtte då utfordrast på å bidra med ein del. Det er eit sterkt næringsliv i området, men med relativt få aktørar. Det vil derfor vere ei tolegrense for kva ein kan forvente av bidrag frå næringslivet. Kommunedirektøren ser at med den kostnaden prosjektet er kome opp i, er det urealistisk å få til eit samfinansieringsprosjekt for vegstrekinga.

Når det gjeld tidsperspektivet for å få i gong eit bompengeprosjekt, opplyset VLFK at å få på plass ein godkjent reguleringsplan med eit kostnadsanslag kan ta anslagsvis to år. Deretter må det utarbeidast eit fagleg grunnlag for bompengefinansiering, som skal til første kvalitetssikring i Vegdirektoratet før vedtak i kommunestyret og fylkestinget. Etter vedtak skriv fylkeskommunen utkast til bompengeproposisjon som går til ny kvalitetssikring i Vegdirektoratet og deretter i departementet. Departementet legg det fram for Stortinget. Samla sett tek dette erfaringsvis minst eit år, men kan ta meir tid. Etter dette kan det ta kanskje ta to år å få på plass avtaleverk, prosjektere tiltaket og å

lyse ut og å gjennomføre konkurranse før anleggstart. Dette kan reduserast noko om prosjektering og bompengesøknad kan gjerast parallelt. Ein må derfor pårekne ca fem år før igongsetjing.

Eit bompengeprojekt vil også vere ei belastning for innbyggjarar og næringsliv i området.

Det ligg heller ikkje midlar til punktutbetring i Vestland fylkeskommune sitt budsjett. Dette er eit mindre tiltak, som må finansierast frå potten «mindre utbetringar».

Utifrå dei økonomiske rammene for både fylkeskommunen og kommunen er den mest realistiske løysinga for utbetring av strekninga er punktutbetring, og dette er derfor tilrådinga frå kommunedirektøren. Dette vil kunne skje innanfor ei ramme på 5-7 mill kr og vil ha god effekt på framkomelegeita. Vurderinga er gjort på bakgrunn av tidsperspektivet og realismen i eit prosjekt med full utbetring med bompengefinansiering.

Løysing for VA


Punktutbetring generer lite samhandlingsgevinster i forhold til VA.

Kommunen må sanare direkte utslipp frå avløp i heile Raudeberg, og tida begynner å renne ut i forhold til oppfylle vedtekne kommunedelplanar og statlege krav.

Opphøveleg var dette tenkt løyst ved ein kombinasjon mellom leidningar på land og i sjø. Det er denne planen man no må gå attende til når full utbetring av Fv ikkje er aktuelt i nær framtid.

- SP160PVC som erstatning til Avløp felles lednings.
- Enkelt strekning med gravitasjonsrør (SP160PVC) til innsamlingspunkter (Pumpestasjoner).
- For øvrig elles utstrakt bruk av overføringsleidningar i sjø

Skisse under viser omfang av VA-prosjekt slik det no ligger an å bli gjennomført.



Dersom det er politisk vilje til å be fylkeskommunen om å vurdere bompengefinansiering,

vil følgjande vedtak vere aktuelt:

- Kinn kommune ber Vestland fylkeskommune om å vurdere moglegheita for bompengefinansiering av strekninga fv. 617 Kapellneset - Raudeberg.
- Kommunen ber om at Vestland fylkeskommune tilpassar omfang og standard på prosjektet slik at det kan finansierast gjennom bompengar.
- Kinn kommune ber Vestland fylkeskommune om å starte opp regulering av tiltaket.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 019/26 Vedtak:

Kinn kommune krev at Vestland fylkeskommune set i verk punktutbetring av strekninga fv. 617 Kapellneset – Raudeberg. Tiltaket må realiserast så raskt som mogleg for å sikre framkomelegheit og sikkerheit på strekninga.

Behandling i Formannskapet 19.01.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke

FORM- 015/26 Vedtak:

Kinn kommune krev at Vestland fylkeskommune set i verk punktutbetring av strekninga fv. 617 Kapellneset – Raudeberg. Tiltaket må realiserast så raskt som mogleg for å sikre framkomelegheit og sikkerheit på strekninga.

Vedlegg i saken:

Bompengeprosess fv. 617 Kapellneset - Raudeberg

Referat - Mogleg bompengefinansiering på fv. 617 Kapellneset-Raudeberg

Innspeil til VLFK om opprusting av FV 617 Kapellneset - Raudeberg

Plangjennomføring_kinn_2025-03-31

Presentasjon til møte 10.09.2024

Forprosjekt Fv.617 Kapellneset - Raudeberg_tegninger



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/25	Administrasjonsutvalet	19.11.2025
020/26	Kommunestyret	29.01.2026

Debattheftet 2026

KOST- 020/26 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.

Vedtak som innstilling frå Administrasjonsutvalet - 19.11.2025

KS Debatthefte 2026 vert handsama i eit utvida kommunestyremøte 29.januar 2026.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet ber om at det inviterast til åpne møter om dei aktuelle spørsmåla.

KS spør

1. Hva må vi gjøre i vår kommune de neste to årene for å øke endringstakten for bærekraftig velferd?
2. Hvordan kan vi i vår kommune de neste to årene ta i bruk de arbeidskraftressursene som finnes?
3. Hva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevnen – både i egen organisasjon og i lokalsamfunnet?


Ad 1:

Ad 2:

Ad 3:

Bakgrunn for saka:

«I første del av dette debatheftet inviterer KS til diskusjon om løsninger for et bærekraftig velferdssamfunn. Hvordan kan kommunesektoren møte de grunnleggende endringene i befolkning, arbeidskraft og økonomi?»



I andre del av debattheftet inviterer KS til diskusjon omkring Taktskifte for skjerpet beredskap.

Vi lever i en mer usikker og uforutsigbar verden, der det utenkelige kan bli virkelig. Her står kommuner og fylkeskommuner som førstelinjen i totalforsvaret, med ansvar for å styrke grunnberedskapen i landet.

Russlands krig mot Ukraina har skapt den mest alvorlige sikkerhetspolitiske situasjonen i Europa siden andre verdenskrig. Russiske aksjoner mot kritisk infrastruktur i Europa øker voldsomt. I april 2025 strømmet det 500 liter vann i sekundet fra en demning i Bremanger. Russiske hackere stod bak, ifølge PST. Alarmen har gått både på norske gass- og oljeplattformer og på Oslo Lufthavn, om store droner.

Digitaliseringen av samfunnet er et gode, men truer også samfunnssikkerheten med hackerangrep og påvirkningsaksjoner mot liberale demokratier. Flere kommuner har blitt satt på prøve i større dataangrep.

Klimaendringene er en annen type ny og alvorlig trussel. Mer ekstremvær krever planlegging og tiltak mot naturskader som flom, ras og skred i Norge – og kan globalt føre til nye flyktningstrømmer.

«Det er alvor nå. Et fritt og selvstendig Norge er ikke lenger en selvfølge,» Statsminister Jonas Gahr Støre på en pressekonferanse i juni 2025.

Tilbake til første del av debattheftet.

«KS' debatthefte 2025 om forventningsgapet har det siste året skapt debatt både lokalt og nasjonalt. Vi følger opp i årets debatthefte med å invitere til debatt om hvordan vi kan øke taktskiftet for en bærekraftig velferd i årene framover. Kommunesektorens oppgaver vokser, særlig fordi det vil bli dobbelt så mange over 80 år innen 2050. Selv om kommunesektorens økonomiske rammer skulle bli styrket i tråd med befolkningsutviklingen, vil de fleste kommuner og fylkeskommuner fortsatt stå overfor store økonomiske utfordringer.

Når det blir knapphet på arbeidskraft, er det desto viktigere at ledelsen kan prioritere slik at ansattes tid blir brukt til å løse velferdsoppgavene mest mulig effektivt. Vårt felles ønske i kommunene og fylkeskommunene og KS er at innbyggerne stoler på at

grunnmuren for et offentlig finansiert velferds samfunn holder, også i framtiden.

I løpet av 2025 har regjeringen satt ned viktige utvalg som skal foreslå endringer for å forbedre ramme betingelsene for bærekraftig velferd.

Kommunekommisjonen er delvis en konsekvens av KS' arbeid for å redusere det statlige styringstrykket mot kommunene. Den skal foreslå «endringer i statens styring av kommunesektoren», slik at ressurser og personell kan brukes fleksibelt og oppgavene løses mer effektivt. Kommisjonen kan i tillegg foreslå andre tiltak ut over statens styring som kan fremme en mer effektiv ressursbruk i kommunene selv.

Helsereformutvalget skal utrede organisering og styring av helse- og omsorgstjenestene og hvordan vi bruker våre samlede helseressurser effektivt – både personell og penger. KS støtter en utredning av nye løsninger, men advarer mot å svekke kommunenes ansvar og kompetanse.

Det er forskjell i kvalitet i tjenestene. I små og usentrale kommuner flytter mange unge og yrkes aktive ut, mens de eldre blir igjen. I byområdene skaper sterk befolkningsvekst press på natur og arealer og behov for rask utbygging av tjenester og infrastruktur. Byene har også store levekårsutfordringer, med til dels store forskjeller innad i byområdene.

Fylkeskommunene merker befolkningsutviklingen særlig i videregående opplæring. Kollektivtransporten er i krise fordi den statlige finansieringen ikke holder tritt med den sterke kostnadsveksten. Fylkesveiene har over tid fått et stort, udekket vedlikeholdsbehov.»

Saksopplysninger:

«Skriv her»

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 29.01.2026:

Orientering frå arbeidstakarorganisasjonane v/Sonja Olsen og Vegard Mathisen-Yndestad.

Orientering frå Nav v/leiar Venke Olafsson

Orientering frå beredskapsrådgjevar Jon Even Myre

Orientering frå personalsjef Cicilie Færestrand

Presentasjonane vert lagt ved saka.

Kommunestyret vert bedt om å sende innspel til personalsjef Cicilie Færestrand, som tar det vidare for behandling i Administrasjonsutvalet.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 020/26 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.

Behandling i Administrasjonsutvalet 19.11.2025:

, foreslått av ,

Framlegg frå Frank Willy Pedersen Djuvik:

KS Debatthefte 2026 vert handsama i eit utvida kommunestyremøte 29.januar 2026.

Framlegg frå Frank Willy Pedersen Djuvik:

Røysting:

Samrøystes vedteke

ADMU- 028/25 Vedtak:

KS Debatthefte 2026 vert handsama i eit utvida kommunestyremøte 29.januar 2026.

Vedlegg i saken:

ks-debattheft-2026-003

Agenda K-møte 9.01.26 knytt til sak om debattheft 2026